Kr 50,00

NR. 2/3/4-1992
33. ÅRGANG

SPRÅKLIG SAMLING

GITT UT AV

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Veks samnorsk fram som eit tredje hovudspråk mellom nynorsk og bokmål?

Redaksjonelt:

Noen anmerkningar om teknokrati

Teknokrati — kva er det? Grunnen til spørsmålet er beskyldningar frå mange kantar og gjennom enda fleire år om at Landslaget for språklig samling er eller har vori ein språkteknokratisk organisasjon.

Sjølve ordet *teknokrati* er sett saman av greske element som betyr «kunst, ferdighet» og «styre». «Ekspertstyre» skulle vere ein passandes oversettelse. Men det var kje dei gamle grekarane som laga ordet — det blei innført tidlig på 1930-talet av Teknokratibevegelsen — *the Technocracy Movement* — i USA. Teknokratibevegelsen meinte at teknikarar og økonomiske ekspertar skulle styre samfunnet, på grunnlag av fagkunnskapen sin, og utan ideologiske hensyn. I eit stadig meir komplisert industrisamfunn meinte dei dette var beste måten å betre levekåra på, men auka levestandard og kortare arbeidstid. Teknokratiske idear var populære i USA gjennom mesteparten av trettiåra, men i dag er rørsla nesten borte. Likevel lever ordet vidare, og *Nynorskordboka* definerer *teknokrati* som «planøkonomi leidd av økonomiske ekspertar; teknikarstyre».

Men — kva i all verda betyr det at ein *språkorganisasjon* er teknokratisk? Eg er kje så sikker på at det går an å dra parallellar mellom teknokratisk planøkonomi og kulturelle spørsmål som norsk språkpolitikk. Ordet teknokrat har ein udelt negativ klang i moderne norsk, og kan kje brukas som anna enn skjellsord. Dersom noen skal kallas språkteknokratar her til lands, kan det neppe vere medlemmene av dei språkpolitiske organisasjonane våre. Riksmålsfolk, nynorskfolk og samnorskfolk som engasjerer seg i språkspørsmål, gjør det fordi dei har meiningar om det norske språket. Dei meiner at dei som alminnelige norske borgarar har både rett og plikt til å uttale seg om saka, og at dei bør bli hørt. Sjølv om dei oppfattar kvarandre som motstandarar, er dei likevel ein slags allierte, mot dei likegyldige. Dei vil alle at norsk språkstrid — eigentlig ein del av den norske folkesjela — ikkje skal avpolitiseras og overlatas til diverse «språkekspertar» — det vere seg norskprofessorar eller byråkratar. Språkteknokratane er dei som trur språkspørsmål bare dreiar seg om «kommunikasjon» og «effektivitet».

Sjølvsagt veit eg at noen av motstandarane våre meiner samnorskpolitikk nærmast per definisjon er teknokratisk — samnorskpolitikk er lissom å ville «skru» bokmål og nynorsk saman til eitt språk. Å ønske seg eit samnorsk skriftspråk, eit fellesnorsk skriftspråk bygd på alminnelig norsk talemål frå Lindesnes til Nordkapp, det er naturligvis radikalt, og dette skriftspråket kan ikkje skapas utan å innføre skriftformer som bryter med skriftspråktradisjonen på visse punkt, fordi skriftspråket ikkje på alle felt gjenspeglar alminnelig talemål. Tør vi ikkje utfordre tradisjonen, når vi aldri målet. Teknokratar blei vi dersom vi meinte at samlingsprosessen kunne overlatas til ei politisk nøytral ekspertgruppe som fikk i oppgåve å «mekke» målformene saman til eit minste felles multiplum. Den som har følgt med i bladet Språklig Samling i kortare eller lengre tid, veit at ingenting er oss fjernare.

Sia vi gjennom alle tider har blitt beskyldt for å vere teknokratar, kunne det vere greitt å avslutte desse linjene med eit motangrep. Den kjente samnorskmannen Jakob Skauge hadde i Språklig Samling 1-1967 ein artikkel med overskrifta «De frie institusjonene og språket» (trykt på nytt i Språklig Samling 1-1992). Artikkelen begynner slik:

«Dette emnet [dvs. de frie institusjonene og språket] er blitt fast

refreng i riksmålspropagandaen. Riksmålsfolka ønsker at språket skal normeres [...] av institusjoner som ikke skal stå til ansvar for andre enn seg sjøl. Det er unødvendig å peike på at ei slik ordning er uforenlig med våre demokratiske normer for utøving av makt, og for så vidt med normane i alle land der vi finner et virksomt demokrati. Vi forlanger at et utøvende organ må stå til ansvar for folket. Riksmålsforbundets krav om at en «fri» institusjon skal få delegert myndigheit til å gi ordrer til lærere og andre, er vel i grunnen uforenlig med vår styreform. Det lar seg bedre forene med tanken om en korporativ stat.»

Unnskyld meg, men dei refererte idéane frå Riksmålsforbundet kunne da sannelig ha vori henta rett ut frå programmet til ein tenkt norsk avleggar av *the Technocracy Movement.*

RTE

Folket går til angrep på teknokratane

SPRÅKLIG SAMLING

Redaktør: Rolf Theil Endresen
Bekkelia 60
1481 Hagan

Bladpengar: Kr. 110,— pr. år.

Adressa til laget og bladet:

Postboks 636 Sentrum, 0106 Oslo 1
Postgiro 0803 5163787

Utgitt av:
LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Leiar: Arne Torp
Eikskollen 7
1345 Østerås

Medlemspengar (Inkluderer bladpengar):
Kr. 125,— pr. år;
for skoleelevar, studentar og pensjonistar:
Kr. 75,— pr. år.

Innleveringsfrist for artiklar til nr. 2-93: 1. mai 1993. Lever helst artiklane på diskett. Legg òg ved ei utskrift av artiklane. For dei som ikkje har tilgang til datamaskin, godtar vi sjølvsagt vanlig manuskript.
Synspunkt i signerte artiklar i Språklig Samling står for forfattarens rekning. Redaksjonen mottar gjerne positive og negative reaksjonar på ting som står i bladet, og i det heile tatt artiklar og innlegg frå både medlemmer av LSS og andre interesserte.

Nytt prinsipprogram for LSS — et opplegg til diskusjon

På landsmøtet 1991 var det enighet om at prinsipprogrammet til LSS var modent for revisjon, eller i alle fall for ei ny gjennomdrøfting, og det blei vedtatt at det nye styret skulle ta initiativ til ei slik drøfting. Styret har derfor satt ned en komité med de underskrevne som medlemmer til å utarbeide utkast til nytt program og legge det fram til diskusjon her i bladet. Utkastet er trykt her sammen med det gjeldende prinsipprogrammet (se s. 6—7).

Bakgrunnen for at saka kommer opp, er den diskusjonen som har pågått i bladet i 1990 og 1991 om hva som egentlig bør være LSS sin politikk (artikler av Helge Gundersen i nr. 4—89/1—90, av Gundersen og av Rolf Theil Endresen i nr. 2—90, av Eric Papazian i nr. 3/4—90, av Endresen i nr. 1/2—91, og av Lars S. Vikør, Tomas Refsdal, Gundersen og Papazian i nr. 3/4—91). Av disse artiklene har en kunna se at det har vært stor uenighet mellom medlemmene i programkomiteen om disse spørsmåla. Vi har likevel kommet fram til et enstemmig utkast der vi naturlig nok har samla oss om det som forener og sett bort fra det som skiller oss.

«... det er ikke meininga at dette utkastet skal godtas passivt!»

Men det er ikke meininga at dette utkastet skal godtas passivt! Medlemmene bør vurdere det opp imot det gjeldende programmet og sitt eget språksyn og gi uttrykk for synsmåtene sine i bladet eller i brev til styret. Tanken er at programsaka skal opp på landsmøtet høsten 1993, og det er naturlig at det før landsmøtet gjennom bladet blir lagt fram et revidert utkast som tar hensyn til den diskusjonen vi da forhåpentligvis vil ha hatt. Her vil vi nevne — i stikkords form — en del punkt som bør diskuteres.

1. Vi har lagt opp til et kort program som bare inneholder de helt prinsipielle grunnholdningene og målsettingene for laget — og altså ikke tatt med noen smørbrødliste over enkeltsaker og standpunktet vårt til dem. Derfor står det ingenting om norskopplæring, skolemål, anglonorsk, strev for enkelt og folkelig språk. På noen av disse punkta er det saklig uenighet i komiteen, men vi er enige om at slike punkt i alle tilfelle hører heime i et arbeidsprogram og ikke et prinsipprogram. *Spørsmål: Bør programmet være så knapt som nemnda legger opp til, eller bør det gi uttrykk for*

standpunkt også i mer konkrete språkspørsmål?

2. Vi har funnet det riktig å innlede programmet med et punkt der vi skisserer opp det allmenne verdigrunnlaget som arbeidet vårt bygger på. *Spørsmål: Bør programmet inneholde et slikt generelt punkt, og er formuleringa i utkastet dekkende for grunnsynet vårt?*

3. Debatten har vist ei klar motsetning i spørsmålet om hvor stor vekt vi skal legge på endemålet — samnorsken — i forhold til prosessen fram mot dette målet: tilnærminga. *Spørsmål: Bør LSS stå for et «revolusjonært» syn og framheve samnorsken — bruddet med tospråkstilstanden — som det vesentlige — eller bør vi markere oss som reformister og legge hovedvekta på de mer små og udramatiske reformene i de målformene vi har som kan fremme ei langsiktig tilnærming?*

4. Det kan være tvil om bruken av ordet «samnorsk». Et alternativ er å bruke «fellesnorsk» som et adjektiv: «et fellesnorsk skriftspråk». Dette kan ses som ei faneflukt, men det kan også ses som en strategi for å trekke oppmerksomheta mot innholdet på flaska i stedet for etiketten. «Fellesnorsk» og «samnorsk» betyr det samme reint språklig, men de gir forskjellige assosiasjoner. Spørsmålet er hvilke assosiasjoner vi ønsker å kalle fram hos folk. I programutkastet er vi foreløpig blitt stående ved å bruke begge orda synonymt, men det er ikke dermed klart at dette bør bli den endelige løsninga. *Spørsmål: Bør LSS fortsatt bruke «samnorsk» som et faneord, eller bør vi satse på omskrivinger av typen «et fellesnorsk skriftspråk»?*

5. Debatten i bladet har vist til dels sterk uenighet om hva som bør være det språklige grunnlaget for tilnærminga eller samnorsken. Vi skisserer hovedsyna kort her:

— Ett syn er at en bør bygge på *samformene* i bokmål og nynorsk, uansett hvilket forhold de har til talemålet.

— Et annet er at en bør bygge på *flertallets talemål* — og flertall kan da tolkes på minst to måter: et *geografisk* flertall, der en legger vekt på at formene står sterkt i så mange landsdeler som mulig — og et *matematisk* flertall, der formene i de folkerikeste landsdelene i praksis får forrang.

— Ei tredje tolking er at en satser på *ekspansive* former sjøl om de ikke er flertallsformer i dag, dvs. for det meste urbane folkemålsformer som sprer seg i talemålet på mindre steder og etter hvert også på bygdene.

— Et fjerde syn trekker inn den *sosiale* dimensjonen: det vil heve at utbredte folkelige former med låg prestisje bør favoriseres framfor tradisjonelle høgprestisjeformer med snevert sosialt grunnlag, sjøl om de sistnevnte er på frammarsj i talemålet.

På tvert av disse syna har vi to andre motsetningsakser:

— Et syn som hevder at vi må kunne *bryte med det tradisjonelle skriftbildet* i bokmål og nynorsk og føre inn nye skriftformer står mot et syn som hevder at det ikke vil være mulig eller tjenlig unntatt i helt spesielle tilfelle.

— Et syn som hevder rett til *valgfrihet* innafor en samnorsk/fellesnorsk normal står mot et syn som ønsker en trang normal — basert på ett eller flere av prinsippa ovafor — med minimal valgfrihet. Valgfrihetstilhengere kan sjølsagt være uenige om hvor vid denne valgfriheta bør være, og de kan grunngi synet sitt på ulike måter: motivet kan være en generell aversjon mot å stemple skrivemåter som «feil», et ønske om mulighet til regional farging av språket, eller et ønske om å kunne legge språket opp til ulike deler av norsk skrifttradisjon (bokmål vs. nynorsk) av identitets- eller andre grunner.

Vi har her skissert «ideelle standpunkt». I praksis vil de sjølsagt ofte gå sammen: De sentrale «samnorskmarkørene» (hokjønn på *-a*, fortidsformer på *-a* i verb, infinitiv på *-e*, diftonger) kan en således argumentere for ut fra alle disse hovedsyna. Men i andre tilfeller må en prioritere noen av dem på bekostning av andre. For debattens skyld har vi presentert de ulike strategiene i reindyrka form her. Men i programutkastet har vi valt å bygge bru over disse motsetningene ved ikke å trekke dem eksplisitt inn. Vi vil likevel gjerne ha et inntrykk av hvor representative de ulike synsmåtene er i laget, og ser gjerne at de blir dradd inn i debatten før et endelig programutkast blir forma ut framfor landsmøtet i 1993. *Spørsmål: Bør noen av prinsippa over tas inn i programmet og/eller legges til grunn for lagets politikk?*

6. Det har vært ei viss uenighet i komiteen om hvor sterkt vi skal prioritere arbeidet for det radikale bokmålet, men vi har samla oss om den formuleringa som står i punkt 2 i utkastet. *Spørsmål: Bør arbeidet for det radikale bokmålet framheves som ei spesielt aktuell oppgave for laget, med den begrunnelsen som er gitt i programutkastet?*

7. Det har lenge vært ei viss uenighet i laget om hvordan vi skal prioritere talemålsarbeidet. En sterkt dialekt- eller folkemålsorientert periode på syttitallet står i kontrast til mer skriftmålsretta perioder før og etter. *Spørsmål: Bør arbeidet med skriftspråket fortsatt være hovedsaka for laget, eller bør det drives mer aktivt dialektarbeid i tillegg?*

8. Vi har vært inne på å ta med et punkt om de språklige minoritetene og deres rettigheter, først og fremst som ei prinsipiell markering av at vi ikke ønsker et «ettspråklig» samfunn i Norge. Når vi likevel ikke tar med et slikt punkt, er det fordi vårt arbeidsfelt i praksis alltid vil være begrensa til det norske språket og forholdet mellom de norsktalende. *Spørsmål: Bør vi likevel ha med ei slik markering i prinsipprogrammet — eller kan vi regne med at ingen i praksis vil misforstå oss i den retninga vi antyda ovafor?*

9. Som sagt har det nåværende prinsipprogrammet til dels hatt karakteren av et arbeidsprogram. Konsekvensen av den omredigeringa vi har gjort, må være et siste spørsmål til medlemmene: *Hva bør være hovedpunkta i et arbeidsprogram for laget?*

Eric Papazian, Rolf Theil Endresen, Helge Gundersen, Lars S. Vikør.

Prinsipprogram for LSS

Vedtatt på landsmøtene 10. oktober 1976 og 17. april 1977.

1. Landslaget for språklig samling vil kjempe for språklig samling av det norske folket ved å gi det folkelige talemålet i landet sosial og kulturell oppreisning, og ved å arbeide for *ett* samlende norsk skriftspråk bygd på folkemåla i bygd og by, med frihet i ordvalg og med folkelig uttrykksmåte.

2. Språkstriden er i dag først og fremst en strid med sosiale motsetninger. Den maktstillinga det konservative bokmålet har gjennom ulike maktsentra og påvirkningsorgan, er den viktigste hindringa for å nå fram til ei felles folkelig skriftform. LSS vil motarbeide denne ufolkelige norma og organiserte forsøk på å opprettholde den.

3. LSS meiner at alle må kunne bruke sitt eige talemål i alle situasjoner, og går imot talemålsnormering i skolen og privat språktvang i yrkeslivet.

4. LSS går inn for at skriftspråket i skolen skal være mest mulig i samsvar med det folkelige talemålet på stedet.

5. LSS går inn for at norskopplæringa i skolen bør styrkes.
   I læreplaner og i undervisninga bør det legges sterk vekt på målførekunnskap og nyere språkhistorie som bakgrunn for kunnskap om den nåværende språksituasjonen. Under opplæringa i skriftnormene bør det legges vekt på å vise hvordan normene forholder seg til talemålet på stedet.

6. LSS krever reell jamstilling for nynorsk skriftspråk på alle områder i samfunnet, så lenge vi ennå ikke har nådd fram til ei samlende skriftform.

7. LSS vil ta del i arbeidet med å styrke den folkelige kulturen mot presset fra den kommersielle massekulturen, som ledd i arbeidet for språklig frigjøring.

8. LSS ser det anglo-amerikanske språkpresset som en stor fare for norsk mål i dag, og vil arbeide for å verne det norske målet mot dette presset.

9. LSS meiner at arbeidet med å fornorske ord og uttrykk i ulike fagspråk må få langt større vekt i språkrøktsarbeidet enn det har hatt til nå.

10. LSS vil arbeide for at det offentlige skal bruke et folkelig mål, særlig i publikasjoner og anna informasjonsstoff.

11. LSS vil støtte samene i deres strid for samisk språk og kultur.
    Også andre språkminoriteter bør få bedre undervisningstilbud på sitt eige mål, og høve til å holde på sin kultur.



Kampen for et folkelig mål, særlig i offentlige publikasjoner.



Utkast til prinsipprogram for LSS

fra ei prinsipprogramnemnd som har bestått av Eric Pazian (leder), Rolf Theil Endresen, Helge Gundersen og Lars S. Vikør.

1. Allment verdigrunnlag

Landslaget for språklig samling ser språkpolitikken først og fremst i sammenheng med arbeidet for ei demokratisk samfunnsutvikling. Vi vil arbeide for en språksituasjon som gjør det lettest mulig for folk å realisere seg sjøl og å delta i samfunnlivet.

2. Skriftspråket

— LSS vil kjempe for ei gjensidig tilnærming mellom bokmål og nynorsk med sikte på et framtidig fellesnorsk skriftspråk, som alle norsktalende kan kjenne seg hjemme i. Dette samnorske skriftspråket bør avspeile flertallets talemål og dermed støtte opp om det, samtidig som det fører videre den fellesarven som ligger i bokmåls- og nynorsktradisjonene.

— LSS vil kjempe for de formene i bokmål og nynorsk som ligger nærmest opp til de mest utbredte formene i norsk talemål. Ikke minst vil vi støtte de radikale bokmålsformene, som er de mest undertrykte skriftformene i det norske samfunnet i dag.

— LSS går inn for full likestilling mellom bokmål og nynorsk som et steg på veien fram mot språklig samling.

— LSS mener at det fortsatt skal være Staten som skal fastsette de offisielle skriftnormalene og at denne fastsettinga bare skal omfatte rettskriving og bøying, ikke ordvalg og syntaks.

3. Talemålet

LSS mener at alle norske talemål er like gode og vil kjempe for at de skal kunne brukes fritt i alle sammenhenger. Derfor er vi imot organisert talemålsnormering.

Språkleg samling i Skandinavia?

Av Lars S. Vikør

Denne tittelen er eigentleg ei tilsniking — for artikkelen handlar om språkleg kløyving og mislykka tilnærmingsforsøk i Skandinavia. Føremålet er å supplere den norske språkhistoria vi les om på skolen, som bør sjåas på ein skandinavisk bakgrunn. Eg gir først eit kort oversyn over framvoksteren av det danske og det svenske rikksspråket, og går deretter inn på det skandinaviske språkstrevet som har vore ført på 1800- og 1900-talet og drøftar korfor det ikkje har gitt større resultat enn det har. Særnorske forhold ser eg stort sett bort frå; eg legg grannelanda sitt perspektiv til grunn. Eg agiterer ikkje for verken skandinavisk språksamling eller det motsette, men legg fram data som einkvar får tolke som han/ho vil. Artikkelen føreset relativt god kjennskap til norsk språkhistorie, men det burde ikkje vere noe problem for dei som les dette bladet.

Ein språkunion som glapp

Vi begynner i seinmellomalderen, og det første ein må legge vekt på, er at den skandinaviske språkhistoria i eldre tider var felles; det er ein moderne konstruksjon å dele ho opp i ei norsk, ei svensk og ei dansk språkhistorie. Talemålsutviklinga gjekk over heile området mot ei radikal forenkling av bøyingssystemet og ei fortysking av ordtilfanget — først i dei største byane der kontakten med tyskarar var mest intens, men etter kvart spreidde ringverknadene seg utover landsbygda i alle landa. På skriftspråksplanet finn vi nok mange ulike variantar og normer, som vi kallar det — eigentleg skrivetradisjonar knytta til ulike skrivesentrum der skriftspråket vart brukt og skriveopplæring gitt, helst kloster, bispesete og kongskanselli. Desse skrifttradisjonane var regionale, knytt til landsdelar som Jylland, Sjælland, Skåne, Väster- og Östergötland, ikkje til statane Danmark og Sverige. Det vil ikkje seie at folk skreiv dialekten sin, berre at skrivekonvensjonane var forskjellige i dei ulike skriftsentra, dei var kompromiss og blandingsformer mellom dialektane, nedarva skrivemønster og påverknad frå andre sentrum.

På 1300- og 1400-talet ser vi teikn til eit slags fellesskandinavisk skriftspråk, mest basert på svensk, rett nok. Det hadde sitt sentrum i Vadstena i Östergötland, der den heilage Birgitta hadde grunnlagt ein klosterorden, birgittinarane, som tok til å produsere religiøse skrifter på morsmålet i stor stil, og dei vart spreidde og fekk stor innverknad i alle dei tre landa. På same tid fekk vi den nordiske unionen under dronning Margareta, med tyngdepunkt i Danmark. Det såg da ut til å ligge til rette for at eit dansk-svensk blandingsspråk kunne bli eit fellesskandinavisk skriftspråk. Slik gjekk det ikkje, fordi unionen sprakk litt ut på 1400-talet: Sverige lausreiv seg og måtte i fleire tiår kjempe mot danskekongane for å behalde sjølvstendet sitt. Først da Gustav Vasa vart konge i 1523 vart Sverige definitivt sjølvstendig.

Dansk

Dansk vart det dominerande kansellispråket i unionen, eit dansk som enno var svært flytande i skrivemåten, men som likevel begynte å få ein tradisjon bak seg. Da reformasjonen kom i 1536, vart dansk for alvor tatt i bruk som kyrkjespråk i Danmark og Norge — kanskje det viktigaste bruksområdet for eit skriftspråk på den tida. Vi fekk ein dansk bibel *(Christian llls Bibel)* i 1550, som vart spreidd i begge landa, og språket i denne bibelen la grunnlaget for det som etter kvart skulle få hevd som dansk skriftspråk. Det var bygd på det høgare talemålet i København, men med mange arkaiske skrivemåtar som representerer ein eldre språktilstand. Det kan ein sjå av desse døma (skriftforma i Chr. llls Bibel står til venstre, den samtidige uttaleforma i midten, den gammaldanske forma til høgre):

gaffn	*gawn*	*gaghn* (no *gavn)*
dag	*daw*	*dagh*
skov	*skow*	*skogh*
regn	*rein*	*reghn*
løgn	*løyn*	*løghn*
øye	*øye*	*øghe* (no *øje)*
eye	*eie*	*eghe* (no *eje)*
drage	*drawe*	*draghe*
mave	*mawe*	*maghe*
føde	*føye*	*fødhe*
møje	*møye*	*mødhe*
bie	*bie*	*bidhe*

l tillegg til desse døma, kan vi nemne inkonsekvensen *sætte* ved sida av *sidde* — alle beslekta språk har den same konsonanten i desse to orda, norsk *sette* og *sitte.* Med andre ord: det vart forsøkt eit kompromiss mellom uttale og tradisjonelle skrivemåtar, og det førte til inkonsekvensar som festna seg og er blitt del av dansk språk i dag. Ordet *inkonsekvensar* må da tolkas historisk: Denne skriftnormalen er seinare blitt grunnlag for ein uttale som etter kvart har slått igjennom som normalisert dansk talemål — slik at den uttalen som blir rekna som korrekt riksdansk no er retta inn på desse skriftformene. Dermed kan vi seie at samsvaret mellom skrift og tale er blitt gjenoppretta på desse punkta, mens det på mange andre punkt den dag i dag er svært skralt med dette samsvaret.

Ei fast rettskriving gjekk det likevel ikkje så fort å få til. Enno på 1700-talet klagar Holberg over at «enhver skriver og bogstaverer lige som det falder ham ind». l dette hundreåret var interessa for normeringa av dansk skriftspråk stor, dansk blir for første gong eige fag på skolen, og vi har ein aktiv språkdebatt om lånord og purisme. l 1775 vedtok regjeringa at skolane skulle basere seg på rettskrivinga i Ove Mallings *Store og gode Handinger af Danske, Norske og Holstenere,* ei bok som forøvrig kom ut først to år etterpå. Men vi kan seie at den danske rettskrivingsnormalen var fastlagt i hovudsak kring 1800, og at han sidan har lege fast med unntak av mindre endringar som vi skal sjå nærare på seinare, mens derimot talemålet har endra seg noe kolossalt på denne tida.

Svensk

Når det gjeld Sverige, finn vi at utviklinga der på mange måtar var parallell med den danske. Også der starta fastlegginga av eit standardskriftspråk i perioden 1520—50, og også der var det reformasjonen, innføringa av lutherdommen, som var den avgjerande framskuven; den kom i Sverige alt i 1527. Også i Sverige var det ei bibelomsetting som skulle bli grunnlaget for eit nasjonalt skriftspråk, *Gustav Vasas Bibel* frå 1541. Og også i Sverige kan vi seie at den endelege fastlegginga av ein standardortografi stort sett var fullført kring 1800, med små endringar seinare.

Likevel var det eitt moment framme i Sverige som av naturlege grunnar mangla i Danmark, men som for nordmenn er kjent nok — nemleg motstanden mot og sjølvhevdinga overfor dansk. Dansk var som sagt blitt det dominerande kansellispråket i Sverige under unionstida, og den danske innverknaden varte lenge etter at Sverige var blitt sjølvstendig. Det viser seg i sånne trekk som at endingsvokalen i infinitiv og mange andre grammatiske former var *-e,* det var innslag av såkalla «bløde konsonanter» osv. — ved sida av at sjølve stilen var sterkt påverka av danske og tyske mønster. Det bevisste språkrøktsarbeidet som framfor alt bibelomsettinga førte med seg la seg spesielt etter å motverke og om muleg få vekk denne danske påverknaden. Talemålsunderlaget for dette skriftspråket var dialekten i Mälarområdet, altså sentralsvensk, som var lite danskpåverka. Såleis vart dei danske e-ane i endingar her systematisk erstatta med *-a.* På mange måtar var denne normalen arkaisk, for eksempel vart det i Gustav Vasas Bibel brukt mange gammalsvenske kasusformer som enno kunne høras i bygdemåla i distriktet, men neppe i bymåla, og som var på veg ut også i bygdemåla. Døme på slike former er dei følgjande (med norrøne former i hakeparentes):

på iordena (akk.) [á jǫrðina], *på iordene* (dat.) [á jǫrðinni] 'på jorda';
i himlenom (dat.) [í himninum] 'i himmelen';
effter sijna artt [akk. hokj. eint. «sína» i norr.] 'etter si art';
träldomsens [þrældómsins] 'trældomens';
i sigh sielffuo (dat.) [i sér sjalfu] 'i seg sjølv';
aff Egyptj lande [norr. dat. landi] 'av/frå Egypts land';
tins stadz 'din bys' [norr. gen. þíns]

Desse formene er for lenge sidan ute or språket. Andre former frå Gustav Vasas Bibel har slått igjennom og blitt einerådande i moderne svensk standardspråk, sjå desse døma (samtidige sentralsvenske dialektformer i midten, moderne standardformer til høgre):

iordhen	*jorda*	*jorden*
wattnet	*vattne*	*vattnet*
daghar	*daga*	*dagar*
talar	*tala*	*talar*
stiernor	*stjerner*	*stjärnor*
skapadhe	*skapa*	*skapade*
blodh	*blo*	*blod*

Men også desse formene kan vi faktisk sjå på som arkaismar, sidan dialektane i Sentral-Sverige som vi ser alt hadde fått formene *jorda, vattne, daga* osv. — liksom norsk folkemål stort sett har fått. Formene på *-en, -ar* osv. var gammalsvenske.

Eit spesielt trekk var gjennomføringa av bokstavane *ä, ö* og *å* i staden for dei danske *æ, ø* og *aa* — opphavleg ein *a* og ein *o* med liten *e* over og ein *a* med ein liten *o* over. Desse bokstavformene (unntatt *å)* var tatt frå tysk, og det var sannsynlegvis eit bevisst trekk for å gjere språket så ulikt dansk som muleg. Sjølvsagt gjennomførte dei også harde konsonantar, sjølv om dei ikkje greidde å gjennomføre det heilt: det heiter på svensk framleis *baga — bagare* og *taga — tog* i staden for vårt *baka — bakar* og *taka — tok,* og det er restar av denne danske innverknaden som 1500-talets språkreinsarar ikkje fekk luka ut.

Dette har jo ei viss likheit med det som skjedde i Norge tre hundre år seinare, og det kunne faktisk sjå ut som at det gjekk i retning av ei språkkløyving av den typen vi kom til å få hos oss, for i første omgang heldt kansellispråket på dei danske trekka sine mens kyrkjespråket gjennomførte ei konsekvent forsvensking. Noen språkstrid i samanheng med dette kjenner vi likevel ikkje til, og utfallet av prosessen var vel gitt. Det danskpåverka kansellispråket var ikkje basert på noen form for talemål, det var mest tregheit i skriftspråksvanane hos byråkratane som heldt det oppe. På 1600-talet vart det trengt tilbake til fordel for den nye forsvenska normalen og vart etter kvart borte. På den andre sida vart kyrkjenormalen også delvis modernisert: dei gamle kasusformene fall bort. Dermed kan vi seie at grunnlaget for det moderne svenske skriftspråket var lagt.

1600-talet var ein svært viktig periode i svensk historie: det var no den svenske staten vart bygd opp til å bli ein av dei best organiserte i Europa, og også ein av dei sterkaste militært. Sverige slo Danmark i fleire krigar og erobra Jemtland, Herjedalen, Båhuslen, Skåne, Halland, Blekinge og Gotland. Danmark, som til da hadde vore den sterkaste militærmakta i Norden. særleg til sjøs, mista definitivt leiarstillinga. At svenskane bevisst brukte språket som eit ledd i statsbygginga si i denne tida, ser vi tydeleg av den politikken dei førte i dei nyerobra områda. Særleg i Skåne var motstanden mot det svenske styret stor, og den måten svenskane knekte den motstanden på var systematisk forsvensking av alt offentleg liv og av all undervisning, blant anna ved ein massiv import av lærarar frå andre delar av landet, og ein kompromisslaus kamp mot dansk språk i alle samanhengar. Det fungerte: Etter ein generasjon var svensk blitt det allmenne skriftspråket i Skåne, og landsdelen fullt integrert i Sverige. Talemålet, derimot, heldt seg som før; det var, og hadde heile tida vore, ein overgangsdialekt mellom dansk og svensk, som nærmast etter smak og behag kunne kallas østdansk eller sørsvensk.

Den svenske stormaktsstillinga vart det slutt med etter Karl 12s fall i 1718, men deretter følgde det eit hundreår med fred, stort sett, og ei konsolidering både av Sverige som nasjon og svensk som nasjonalt standardspråk. Eit viktig symbolsk uttrykk for denne utviklinga var stiftinga av *Svenska Akademien* i 1786. Det fekk som eit av sine mål «att arbeta uppå svenska språkets styrka, höghet och renhet». Svenska Akademien er i dag mest kjent for nobelprisen i litteratur, men det var eigentleg tenkt som eit språkrøktsorgan, og framleis står akademiet som utgjevar av den store vitskaplege ordboka over svensk språk, *Svenska Akademiens ordbok,* som starta på slutten av 1800-talet og vel enno er ein stad i bokstaven S, og like eins har vi *Svenska Akademiens ordlista,* som er den offiselle svenske rettskrivingsguiden. Elles er det *Svenska språknämnden* som i moderne tid har tatt over rolla som hovudorgan for svensk språkrøkt. For å gå tilbake der vi var, rundt 1800, så skjedde det viktige i vår samanheng i 1801 at svensk fekk ei offisiell rettskriving, utarbeidd av ein kjent diktar og språkmann, *Carl Gustaf Leopold* (kjent i samtida, ikkje så mye i ettertida), på oppdrag av akademiet. Denne rettskrivinga bygde på den skriftspråkstradisjonen som forlengst var blitt den leiande i landet, basert på det høgare talemålet i Stockholm, men han gjekk ein del lenger når det gjaldt lydrett stavemåte, ikkje minst i lånord, som for ein vesentleg del kom frå fransk. Døme:

kaffe (café), *kapiten* (capitaine), *kurage* (courage), *fabrik* (fabrique), *bank* (banque), *briljant* (brilliant), *familj* (famille), *fåtölj* (fauteuille), *nisch* (niche) 'nisje', *affär* (affaire), *jurnal* (journal), *uvertyr* (ouverture), *aktör* (acteur), *kusin* (cousine), *byrå* (bureau) — men *choklad, charm, geni, koncentration, social, national*

Dei formene Leopold førte inn var svært radikale i ei tid da ikkje berre franske ord, men også fransk skrivemåte hadde høg prestisje, men dei vart akseptert og etter kvart gjennomført. Danskane brukte nesten hundre år før dei tok det avgjerande skrittet i same retning.

Frå stat til nasjon

Slik, kan vi seie i heilt stutte drag, utvikla det seg eit dansk og eit svensk språk — i betydninga normerte og utbygde standardspråk. Det eksisterer ingenting som heiter norsk, svensk eller dansk språk sånn utanfor tid og rom, akkurat som det ikkje eksisterer noen norsk, svensk eller dansk nasjon utanfor tid og rom. Både nasjonane og språka har forma seg gjennom ei historisk utvikling, delvis tilfeldig styrt av kven som i ein bestemt periode var militært sterkast: Danskekongane var ikkje sterke nok til å halde fast på Sverige, bl.a. fordi Sverige hadde eit sterkt aristokrati som var i stand til å mobilisere befolkninga i sine distrikt til motstand. I Norge mangla det eit slikt sterkt aristokrati, og dermed var det ingen som kunne ta opp ein frigjeringskamp og styre dei ressursane landet hadde til fordel for ein slik kamp. Det som skjedde i Skåne understrekar dette enda meir: rein militær styrke avgjorde at Skåne er svensk og ikkje dansk. Ein kan med andre ord seie at statane Danmark og Sverige er eit resultat av militære styrkeforhold i ein viss historisk fase.

Men ein stat er ikkje utan vidare ein nasjon. Det fans truleg inga nasjonalitetskjensle i Sverige og Danmark før 1400. Unionen kom i stand nettopp fordi dei norske og svenske aristokratia på eit visst tidspunkt fann ut at dei var tent med å støtte dronning Margareta ut ifrå sine eigne særinteresser, og fordi folk flest sto heilt utanfor alt som heitte statsstyring og heller ikkje brydde seg med å ha noen meining om det; dei hadde nok med strevet for sitt daglege utkomme. Ettersom interessene skifta og allianseforholda snudde seg innanfor aristokratia, vart unionen bekjempa og ein svensk stat oppretta.

Men: i og med at staten vart oppretta, og stadig fleire såg seg tent med at han vart varig, oppsto det eit behov for legitimering; det vart om å gjere at større delar av folket utvikla lojalitet mot staten, at dei følte seg som delar av eit fellesskap og samtidig følte at dei sto i motsetning til dei som levde utanfor dette fellsskapet. Dette er kjernen i nasjonalismen: fellesskap innetter, motsetning utetter. Det var blant anna viktig å kunne mobilisere folk til krig for fedrelandet.

Målet var altså å bygge opp ein nasjon innanfor grensene til ein stat der det ikkje hadde vore noen nasjon før, altså inga kjensle av noen nasjonal einskap eller identitet. Og her er språkpolitikken svært sentral: ved å gjere ein språknormal til eit nasjonalt klenodium, eit symbol på sjølve nasjonen som alle har del i, kan ein på ein svært effektiv måte fremme denne kjensla hos folk at dei har ein felles nasjonal identitet som står i skarp motsetning til andre nasjonar. Den bevisste anti-danske språkrøkta i Sverige var heilt opplagt eit reiskap til å skape ei slik motsetning til det nabofolket som reint språkleg sto Sverige nærmast, men som likevel var fienden som det skulle mobiliseras mot i ei rekke krigar. Og same effekten har vi sjølvsagt hatt med motsett forteikn i Danmark.

På 1800-talet har vi altså med to klart åtskilte og konsoliderte nasjonalspråk å gjere. Dei fungerte som uomstridde skriftspråk og som talespråk for ein liten elite. I

løpet av hundreåret, og enda meir i vårt hundreår, kom dette elitetalemålet til å trenge tilbake dei dialektane som folk flest snakka, først og fremst gjennom ekspansjonen i skoleverket, slik at det vart større einskap mellom skrift og tale — på skrifta sine premissar.

Skandinavismen veks fram

Trass i at denne utviklinga gjekk sin gang og var lite omstridd — det var berre spede røster som tok til orde for å forsvare dialektane — så vart det ført ein ganske livleg språkdebatt både i Sverige og i Danmark på 1800-talet, om enn ikkje like livleg heile tida. Vi kan seie at det var to hovudtema som gjekk igjen: Det eine var forholdet mellom skrifta og den talen som skrifta var meint å representere, m.a.o. om rettskrivinga burde gjeras meir lydrett eller *ortofon.* Det andre var spørsmålet om skandinavisk språkleg tilnærming kontra dei nasjonale særinteressene i språket.

Alt på 1700-talet hadde det reist seg enkelte røster i Danmark til fordel for ei skandinavisk språktilnærming. Ein av dei mest aktive danske språkrøktarane på den tida var *Jens Sneedorff,* som er blitt mest kjent for sin kamp mot unødvendige fremmendord. Med det meinte han latinske, greske og franske fremmendord, og motivet hans for å gå imot slike ord og foreslå danske avløysarar var først og fremst pedagogisk: han ville gjere skriftleg dansk lettare å forstå for vanlege folk. Han foreslo ei rekke ord som *Omkreds, Forfatter, Personlighed, Sindsbevægelse, Indbildningskraft, Begivenhed, overdreven, Emne, Øde, Gaade* — ofte inspirert av tysk (men *Emne* og *Øde* 'lagnad' var frå svensk og *Gaade* frå norrønt — *Øde* slo ikkje igjennom, men dei andre er i full bruk den dag i dag). Samtidig gjekk han inn for ein enklare setningsbygnad enn den gamle tunge og latinskpåverka. I tillegg til dette gjekk Sneedorff inn for ei tilnærming mellom dansk og svensk. Den skulle skje ved at danske og svenske språkmenn saman kartla likheiter og ulikheiter mellom språka og prøvde å utnytte det felles ordforrådet mest muleg.

Grunnideen bak dette var eigentleg opplysningsideologien — dette var den tida vi kallar opplysningstida, da opplysning og rasjonalisme vart rekna som nøkkelen til all framgang. Det låg i denne ideologien at unødvendige språkskilnader burde reduseras mest muleg, og det var lett å konkludere med at dansk og svensk var så like at ein kunne sjå på dei som dialektar, slik at kommunikasjonen og opplysninga kunne lettas ved å slå dei saman. Men denne ideologien vart snart fortrengt av ein ny, nemleg romantikken, særleg den tysk-inspirerte nasjonalromantikken. Ein sentral idé der var at språk er uttrykk for ein nasjons sjel, folkeånda, slik at eitkvart folk måtte ha sitt eige språk for å telje som eit eige folk. Det var jo denne tanken som var springbrettet for den norske språkreisinga, og også i Danmark vart dette argumentet brukt mot ei tilnærming til svensk — ein rekna med at svenskane ville komme til å dominere i ein slik prosess. At Danmark hadde vore i krig med Sverige så seint som i 1814 skapte vel heller ikkje noe klima for ei slik tilnærming.

Men dette klimaet forandra seg utover i hundreåret. Danmarks største nasjonale hovudpine skulle vise seg å bli Sønderjylland, eller Schleswig, som var frontlina i ein hard kamp mellom tysk og dansk språk og kultur — og også i ein militær kamp mellom Danmark og den ekspansive tyske staten Preussen, som skulle bli kjernen i det samla Tyskland frå 1871. Både i 1848 og i 1864 var det krig mellom Danmark og Preussen om Schleswig, og det endte med at heile landskapet vart tysk. Først etter første verdskrigen vart den nordlege delen igjen lagt til Danmark etter ei folkeavstemning, men da hadde Schleswig-spørsmålet dominert det danske politiske livet i fleire tiår. I denne situasjonen vart det nordiske samarbeidet sett på som noe sterkt ønskjeleg, eit vern mot presset frå sør, og skandinavismen sto sterkare no enn noen sinne — særleg i 1860-åra, da sterke krefter ønskte at Sverige og Norge skulle gå med Danmark i krigen mot Preussen. Sjølv om det ikkje skjedde, heldt strevet for kulturell skandinavisk einheit fram — det vart til og med styrka.

Dei to viktigaste språkdebattantane og språkideologane i Danmark i første halvdel av 1800-talet var *Rasmus Rask* og *N. M. Petersen.* Rask er mest kjent for studia sine av norrøn og islandsk språkhistorie og den samanliknande indoeuropeiske språkvitskapen, men han skreiv òg eit «Forsøg til en videnskabelig dansk retskrivningslære», der han gjekk inn for det som er blitt kalla ortofoni — ein mest muleg lydrett stavemåte. Den debatten han skapte her, slo også over til Norge, der Mauritz Hansen, Ludvig Kristensen Daa og seinare Knud Knudsen tok opp desse tankane. I Norge vart ortofonien også eit argument for fornorsking, sidan uttalen av dansk i Norge var så grunnleggande ulik den i Danmark, men i Danmark sjølv gjekk det mest på slike ting som å skrive fremmendord etter uttalen og lage eit meir regelmessig system for rettskrivinga av danske ord. Men Rask viste at ei slik reform samtidig kunne bety ei tilnærming til svensk på ein del punkt. N. M. Petersen utvikla desse tankane vidare. Han var den første professoren i nordisk språk i Danmark, og har forøvrig også skrive den første nordiske språkhistoria som noen gong er laga. Petersen sette opp det ærgjerrige målet å arbeide fram eit felles skandinavisk skriftspråk — inspirert både av den språklege og kulturelle einskapen som hadde vore der i sagatida, slik han såg det, og av behovet for ei slik einheit mot den tyske trusselen i samtida. Det måtte formas ut ei felles rettskriving, grensene for ordtilfanget måtte rivas ned slik både danskar, svenskar og nordmenn fritt kunne låne ord frå dei andre språka, ein måtte slutte å omsette bøker mellom dansk og svensk, og grannespråksundervisning måtte føras inn i skolen. I tillegg skulle det også undervisas i norrønt, som da vart sett på som det opphavlege fellesnordiske språket.

På svensk side tok skolemannen og forfattaren *Carl Jonas Love Almqvist* opp dei same tankane, sjølv om han ikkje trudde at ei samansmelting mellom dansk og svensk var muleg — men ei tilnærming og ei styrking av den gjensidige forståelsen var viktig for å styrke heile regionen Skandinavia. Mye av dette vart også gjennomført etter kvart: det kom professorat i nordisk (særleg norrøn) språkvitskap ved universiteta i København (1854), Uppsala (1859) og Christiania (1864), og grannespråksundervisning og innføring i norrønt vart tatt opp i den høgre skolen i alle landa i tida 1856—71. Når det gjeld sjølve språkplanlegginga, kan vi seie at denne bølgja toppa seg i det skandinaviske rettskrivingsmøtet som vart halde i Stockholm i slutten av juli 1869.

Stockholmsmøtet og følgjene av det

Deltakarane på møtet var filologar frå dei skandinaviske universitetsbyane København, Christiania, Lund og Uppsala i tillegg til Stockholm, til saman sytten personar. Dei var alle oppnemnt eller valt til å representere akademikarane i heimlanda sine, men hadde inga offisiell myndig-

heit. Dei kunne altså berre legge fram forslag i håp om at dei ville bli godtatt av styresmaktene og offentlegheita i dei ymse landa. Deltakarane er det liten vits i å rekne opp her, dei er stort sett ukjent for andre enn spesialistar i dag — med eitt stort unntak, nemleg Henrik Ibsen, som på den tida budde i Roma etter å ha gått i eksil i protest mot at Norge og Sverige «sveik» Danmark i Schleswig-krigen. Ibsen tok altså turen til Stockholm, visstnok utan å reise innom Norge, og frå Christiania kom Knud Knudsen, den tidlegare ortofonisten Ludvig Kristensen Daa og gymnaslektoren og grammatikaren Jakob Løkke, som er mest kjent for ein tysk grammatikk som var i bruk i gymnaset i alle fall enno i mi skoletid på sekstitalet. Eg kan òg nemne at ein av dei danske deltakarane heitte Grundtvig, med fornamnet Svend. Han var son til den berømte Grundtvig. Grundtvig senior var den fremste talsmannen i si tids Danmark for ei folkeleg og nasjonal kulturreising på nordisk og på frilyndt kristen grunn, den som har fått sitt fremste uttrykk i folkehøgskolen både i Danmark og i Norge, og det var i denne tradisjonen at den unge Grundtvig kjempa både for ei meir lydrett rettskriving og ei samordning på skandinavisk plan.

Desse entusiastane sat saman i ei vekes tid og utarbeidde ei rekke framlegg til reformer i begge språka — dansk og svensk. Norsk, i betydninga norsk landsmål, var ikkje med i bildet i det heile. I parentes kan vi seie at det er eit interessant trekk at Knud Knudsen deltok på dette møtet, og forsåvidt også Ibsen, som var ein ivrig tilhengar av Knudsens fornorskingsline. Det viser at dei ikkje såg noen nødvendig motsetning mellom fornorsking, altså ei lausriving av det dansk-norske skriftspråket frå det danske, og ei skandinavisk tilnærming. Føresetnaden var da at tilnærminga berre skulle dreie seg om dei ytre trekka i språket, altså det grafiske, utan konsekvensar for sjølve språkstrukturen: uttale, bøying og uttrykksmåte — for der var det fornorskinga skulle skje. Sjølv om Ivar Aasen ikkje deltok på møtet i Stockholm og var sterkt imot det som skjedde der, så hadde han faktisk ei liknande haldning: Også han tok omsyn til grannespråka på reint grafiske punkt som ikkje hadde noe å seie for substansen i språket — for eksempel i det å skrive *hj-* i ord som *hjelpa* og *hjarta,* og å skilje mellom *kj* og *skj* framfor låge vokalar *(kjole, skjorte)* og *k* og *sk* framfor høge *(kinn, sky)* — sjølv om uttalen var den same.

Det som kom ut av Stockholmsmøtet står i ramma på neste side, i alle fall hovudpunkta (basert på Ståhle 1970 og Spang-Hanssen 1970).

Reaksjonane på desse framlegga ser ut til å ha vore ganske spake i Norge. Bjørnson støtta dei fullt ut, og både han og Ibsen gjennomførte dei i det dei gav ut gjennom resten av livet. Derfor heiter det *Solvejg* med *ej* i *Peer Gynt* og *Øjvind* med *øj* i *En glad gut* — dei var rett nok skrivne før 1869, men diktarane normaliserte til den nye «nordiske» rettskrivinga i seinare utgåver. Ivar Aasen, på den andre sida, reagerte sterkt negativt, mest fordi forslaga førte med seg endringar av folks språkvanar i uvesentlege og overflatiske detaljar. Nordiske hensyn i slike detaljar kunne han nok ta, men overordna var det at folks vanar ikkje skulle tirras i utrengsmål — overgang frå dansk til landsmål var ei tøff nok omstilling i seg sjølv om ein ikkje skulle gjere det enda verre med unødvendige endringar. Han var heile livet motstandar både av det latinske alfabetet, av *å* i staden for *aa,* og av små bokstavar i substantiv. Han sette seg også imot å sløyfe *j* framfor *e, æ* og *ø* — trass i at han sjølv hadde vore inne på dette i sitt tidlegaste normeringsforsøk, *Prøver af Landsmaalet i Norge* frå 1853. Språkleg meinte han det var tenleg å sløyfe desse j-ane, men omsynet til folks lesevanar gjorde at han til sjuande og sist sette seg imot det.

Stockholmsmøtet førte elles ikkje til noen bølgjer i Norge, som hadde atskilleg meir kompliserte eigne språkproblem å stri med, men i staden utløyste dei kraftig debatt både i Danmark og Sverige.

I Danmark vart framlegga frå Stockholm tatt i bruk særleg i folkehøgskolekrinsar. Folkehøgskolen var ei viktig rørsle i Danmark, og den var svært nordisk innstilt ved sida av å vere nasjonal og folkeleg. Rørsla var mektig nok til å kunne påverke rettskrivingsutviklinga i Danmark, og ein del av framlegga frå Stockholm vart innarbeidd i ei offisiell rettskrivingsreform i 1889 — etter fire år med komiteutgreiing av spørsmålet. Kva slags punkt det gjaldt, går fram av oversynet mitt over Stockholmsvedtaka. Som ein ser, kom ikkje *å* for *aa* med, og dei store forbokstavane i substantiv vart ståande, enda fleirtalet i den komiteen som hadde førebudd reforma hadde gått inn for å avskaffe dei. Det var ein forfattar- og pressekampanje mot dei små bokstavane som gav departementet kalde føter slik at det ikkje tok sjansen på å gjennomføre denne reforma. Det gjekk to mannsaldrar — seksti år — til før dette vart gjort. Ein annen pussig detalj som gav støtet til heftig kamp var skrivemåten av talordet 16 — tradisjonelt skrive *sexten,* men uttala *seisten.* Reforma følgde Stockholmsmøtet i det at *x* generelt vart erstatta med *ks,* men akkurat i dette ordet vart det bestemt å skrive lydrett: *sejsten.* Dette førte til slike protestar at departementet etter tre år, i 1892, gjorde om vedtaket og innførte *seksten.*

Den same reforma inneheldt også føresegner om skrivemåten av fremmendord, der det langt på veg vart gjennomført ei fordansking, nitti år etter Leopolds forsvensking. Hovudpunkta var:

c > *k* (men ikkje *c* > *s,* altså: *koncentrere)*
qu > *k (bloquere* > *blokere)* eller *kv (quantum* > *kvantum)*
x > *ks*
ph > *f*
th > *t (bibliotheque* > *bibliotek)*

Men som hos Leopold skulle sj-lyden stadig skrivas som i fransk: *etage, branche, journal.* Elles var det mange inkonsekvensar, basert på vurderinga: Kva har sjanse (chance) til å slå igjennom? Praktisk gjennomførbarheit var viktigare enn prinsipp.

1889-rettskrivinga var den første rettskrivingsreforma som vart innført med eit statleg vedtak i Danmark. Med dette vedtaket var faktisk det første klare formelle skiljet mellom dansk og dansk-norsk også innført (om vi ser bort frå ei mindre reform i Norge i 1862, nemnt i dei fleste norske språkhistorier), i og med at vedtaket ikkje gjaldt for Norge og nordmennene ikkje følgde det opp. Vi har for eksempel halde fram med å skrive *kjenne, skjære* og *gjøre* med *j* til denne dag. Ein kan seie at nordmennene frå 1889 og fram til 1907 skreiv forelda dansk.

Reform i Sverige

Også i Sverige førte Stockholmsmøtet til debatt. Det punktet som først gjekk igjennom i praksis, var overgangen til latinsk skrift, men det var ein tendens i tida og ville nok ha skjedd i alle fall. Men av dei konkrete språklege forslaga var det først og fremst innføringa av *ä* for *e* i mange ord som slo igjennom både i bruken og i normalen. Men noen systematikk i fordelinga mellom *ä* og *e* kan ein ikkje seie at det var, og sidan det ikkje skjedde noen samordning med dansk når det gjaldt kva slags ord som skulle få *ä/æ,* så må ein seie at noen skandinavisk einskap på

Framlegga frå rettskrivingsmøtet i Stockholm 1869

Endringar i dansk rettskriving:

a) ta vekk *j* framfor *e, æ, ø: kjende, skjære, gjøre > kende, skære, gøre* (gjennomført 1889)
b) ta vekk stum *d* framfor *s: krands, dandse, tydsk, vadske > krans, danse, tysk, vaske* (gjennomført 1889)
c) ta vekk fordobling av vokalar og stum *e* som teikn på lang vokal: *Huus, troe > hus, tro* (gjennomført 1889)
d) skrive *aj, ej* og *øj* i staden for *ai, ei* og *øy* (gjennomført 1889)
e) skrive *å* i staden for *aa* (gjennomført 1948)
f) fjerne store forbokstavar i substantiv (gjennomført 1948)

Endringar i svensk rettskriving:

a) skrive *v* for *f* og *fv* når uttalen er *v: lif, lefva > liv, leva* (gjennomført 1906)
b) fjerne *w* til fordel for *v* (gjennomført i praksis ganske raskt)
c) fjerne *th* til fordel for *t* i ord som *thing, thorsdag* o.l. (gjennomført i praksis ganske raskt)
d) forenkle dobbeltkonsonant framfor dental i former som *tryggt > trygt, grannskap > granskap* o.l. (ikkje gjennomført)
e) endre *och, till, upp, att* til *ok, til, up, at* (ikkje gjennomført)

Endringar i begge:

a) endre *e* til *æ/ä* der det verken fonetisk eller etymologisk er grunn til å skrive *e* (gjennomført gradvis i svensk fram mot 1900, i dansk (i Danmark) i 1889 - men utan samordning, slik at den «skandinaviske» effekten av vedtaket vart liten. I dansk-norsk/bokmål sterk overgang andre vegen i 1917 i samsvar med nynorsk)
b) overgang frå *o* til *å* der det verken fonetisk eller etymologisk er grunn til å skrive *o* (ikkje gjennomført i noe av språka)
c) overgang frå *x* til *ks* (gjennomført i dansk i 1889, ikkje gjennomført i svensk)
d) endre skrivemåten av aksepterte fremmendord i fonetisk retning (regulert i dansk i 1889/92; ikkje følgt opp i svensk anna enn som detaljreguleringar av enkeltord)

Framlegg som vart avvist på møtet:

a) å stryke *h* framfor *j* og *v (järta/jærte, vit/vid)*
b) å skrive *sj* for sj-lyden overalt (i staden for å skifte mellom *sj* i *sjæl/själ, skj* i *skjorte/skjorta, sk* i *sky* og ulike stavemåtar i fremmendord *(ch, sch, sh, g, j* osv.)) Merk at berre norsk og svensk her har gjennomført sj-lyd: dansk uttalar k-en i ord som *skjorte* og *sky*.
c) å gå over frå ä til æ i svensk (eigentleg vedtatt mot eit stort (svensk) mindretal, men ikkje offentleggjort av frykt for å tirre opinionen)

dette punktet vart det ikkje i det heile, særleg ikkje når ein tar norsk i betraktning, for her har utviklinga gått bort frå *æ* anna enn framfor *r*. Punktet overgang frå *o* til *å* vart det ikkje noe av i praksis i noe av språka. Knud Knudsen var ein ivrig talsmann for at dansk-norsk skulle ta i bruk *æ* og *å* på brei front, han skreiv t.d. *hålde.* Men på dette punktet mislykkas han.

Eit par av dei mindre endringsframlegga for svensk: *v* for *w* og *t* for *th,* gjekk igjennom, men betydde ikkje så mye. Derimot kom det opp ein ny rettskrivingsdebatt i Sverige i 1880-åra, og no var det ikkje lenger nordisme, men radikal rettskrivingsreform etter fonetiske prinsipp som var målet.

Vi fekk da eit «rättstavningssällskap» under leiing av språkhistorikaren og dialektforskaren *Adolf Noreen,* som ville lage ei skikkeleg fonetisk rettskriving med former som *jöra, sorj, juga, lungn, sjuta, sjärna, håpp (= hopp* 'håp'), *såva.* Dette var ei tid da rettskrivingsspørsmålet kom opp til diskusjon også i fleire andre land, bl.a. England og Tyskland. Det hadde delvis samanheng med at fonetikken som vitskap utvikla seg nettopp på denne tida, og delvis med at utviklinga av den allmenne skriveopplæringa nettopp no var inne i ein ekspansiv fase; det var på denne tida vi var i ferd med å oppnå det vi kallar allmenn skriveferdigheit i dei vesteuropeiske landa. Dette førte til debattar om kva som var den pedagogisk mest heldige rettskrivinga.

I Sverige vart det i alle fall førebels inga rettskrivingsendring, bl.a. pga. aktiv motstand frå lingvisten *Esaias Tegnér d.y.,* som argumenterte sterkt for at ortofoni måtte prioriteras lågare enn morfologisk eintydigheit, det han kalla «samhörighetslagen». Den gjekk ut på at «likartade begrepp, uttryckta med likartade ljud, skrivas så långt möjligt är på samma sätt». Altså: når det heiter *ljuv* og *kräva* skulle det også heite *ljuvt* og *krävt,* ikkje *ljuft* og *kräft,* sjølv om dei siste formene vart uttala med f. Dette er sjølvsagt det same prinsippet som Aasen brukte, og som stort sett er gjennomført i språka våre generelt, vi skriv *høgt* og *stygt* med g og ikkje k osv. Tegnér peika da også på at fonetiske stavemåtar i slike former ville gjere svensk ukjenneleg for danskar og nordmenn.

Utgangen på denne striden var det som er blitt kalla den «Fridtjuv Bergska» reforma i svensk språkhistorie. *Fridtjuv Berg* var ein aktiv reformtilhengar i folkeskolelærarforeininga — lærarane var ofte sterke tilhengarar av rettskrivingsendringar som kunne gjere skriftspråket lettare å lære for ungane. I 1906 var Berg kyrkjeminister, og da fekk han gjennomført ei reform som besto av to svært omdiskuterte punkt:

dt > t el. *tt: ett godt och älskadt barn > ett gott och älskat barn* (jf. *god* og *älskad)*
f (når uttalen er *v), fv, hv > v: haf > hav, hafva > hava, hvit > vit*

Dette var ortofone endringar; dei nærma skriftspråket til uttalen og gjorde det lettare å lære. Dei var etter folkeskolelærarane sitt hjarte. Sett frå eit skandinavisk synspunkt var reforma tveegga: *hav* og *hava* var i samsvar med forslaga frå Stockholmsmøtet, og *älskat* i staden for *älskadt (kastat* for *kastadt* osv.) var sjølvsagt også ein lette. Derimot gjorde endringane frå *godt* og *rödt* til *gott* og *rött* og

frå *hvit* til *vit* sjølvsagt svensk meir ulikt dansk og norsk. — I alle fall tok det eit par tiår før reforma var fullt gjennomført i praktisk bruk, men det var berre eit spørsmål om tid: dei store lidenskapane i rettskrivingsspørsmål hadde tydelegvis ebba ut.

Skandinavisk språkrøkt i Danmark

Sidan har desse lidenskapane stort sett lege i ro i Sverige, trass i nye mislykka forsøk frå lærarhald på å få til ei meir ortofon rettskriving. Derimot blussa dei opp att i Danmark på førtitalet, da ein renessanse for den nordiske tanken førte til den kjente trepunktsreforma som gjekk ut på å ta vekk dei særdanske store forbokstavane i substantiva, føre inn *å* for *aa,* og skrive *kunne, skulle* og *ville* utan *d* — alle saman i den skandinaviske ånd. På det tidspunktet hadde jo norsk forlengst gjennomført desse reformene, slik at dansk hadde blitt ståande åleine. Også no fekk vi storm i kultureliten, men etter omlag ti år var reforma gjennomført i praktisk bruk. Ein meir kuriøs rettskrivingsstrid fekk Danmark midt på åttitalet, da det vart kjent at noen få fremmendord skulle få ein valfri fordanska stavemåte — som *majonæse* for *mayonnaise* (sjå *Språklig Samling* nr. 4—1986). Dette var likevel berre ein storm i eit vassglas, og gleid fort over.

Men det skandinaviske språkstrevet i Danmark på tretti- og førtitalet omfatta atskilleg meir enn denne rettskrivingsreforma. Det var ei brei kulturrørsle med sterke fellestrekk med skandinavismen sytti år tidlegare, og med ein liknande bakgrunn: Også no var det trusselen frå Tyskland som låg under. I det heile tatt er heile Danmarkshistoria prega av at landet har lege i skyggen av Tyskland og veksla mellom sterk tysk påverknad og motstand mot denne påverknaden. Det nordiske har ofte vore brukt som eit våpen mot det tyske. Og med Hitler-Tyskland i full blomstring på trettitalet og tysk okkupasjon i førtiåra var drømmen om ei sterk og motstandsdyktig nordisk einheit sterkare enn noen gong. Den viktigaste eksponenten for denne drømmen på det språklege området var ein enkeltperson, forfattaren og juristen *Sven Clausen.* Hans kongstanke var at dei skandinaviske språka skulle nærme seg kvarandre ved ei harmonisering av ordforrådet, det vil seie at gamle nordiske ord som fans i eit av språka burde tas i bruk i dei andre til fortrengsel for lånord, særleg tyske, og fremmendord. I praksis var det mest svensk han da brukte som ordkjelde, sidan kunnskapane hans om norsk visstnok var begrensa. Konkrete døme kan ein sjå i ramma på neste side (frå Jacobsen 1973:66) Det er ein demonstrasjonstekst Clausen sjølv laga; «lukket dansk» tyder da tradisjonelt språk, «åpent dansk» (merk p-en) er Clausens foreslåtte form.

Verksemda til Clausen besto først og fremst i å skrive polemiske artiklar, og gi ut bladet *Språgfronten,* der han bl.a. kom med konkrete råd om ord som burde brukas eller unngås. I 1941 vart det stifta ei *Dansk Forening for Nordisk Sprogrøgt,* som prøvde å føre denne verksemda over i meir organiserte former. Denne foreininga famna breiare enn Clausen ved å vere mindre polemisk i forma, men var samtidig meir puristisk: Der Clausen godtok innlånte ord viss dei var felles for dei skandinaviske språka, var foreininga meir oppsett på å luke ut tyske ord til fordel for gamle nordiske sjølv om dei sistnemnte ikkje var fellesnordiske.

Den nordiske tanken var sterkt i vinden i etterkrigsåra, mens frontane i den kalde krigen heldt på og la seg fast. Som ein slags parallell til 1860-åra kan vi sjå forsøka på å få til eit nordisk forsvarsforbund, som rett nok vart drive på høgt politisk plan, men som altså mislykkas. Eit meir beskjedent samarbeidstiltak var Nordisk Råd (skipa 1952). På det språklege området kulminerte nordismen i Danmark i striden om rettskrivingsendringane frå 1948, som vi har nemnt, altså den med små forbokstavar, bolle-å og *kunne, skulle, ville.* Etter det gleid den nordiske språkrøktsbølgja over, og særleg mange konkrete resultat i språkbruken har vel ikkje denne rørsla fått, med unntak av denne rettskrivingsreforma og noen ganske få enkeltord som *fravær, fåtal, gøremål, indebære, løjpe, modsvare, nærvær, udrede* og *vedgå.*

Språksamarbeidet blir institusjonalisert

Eitt resultat av nordismen i førtiåra er likevel det faktum at vi har fått offisielle språknemnder i alle dei nordiske landa. Det begynte under krigen i Sverige og Svenskfinland, og ideen var å satse på ei fellesnordisk språknemnd. Det siste var likevel urealistisk så lenge krigen sto på, og det vart da til det at både finlandssvenskane og svenskane i Sverige stifta sine nasjonale språknemnder med som eitt av sine siktemål å fremme nordisk språksamarbeid. Norge og Danmark kom etter med sine språknemnder i 1952 og 1955, og det vart frå første stund etablert eit nordisk nettverk i form av årlege språkmøte og periodiske publikasjonar, ulike typar fellestiltak, og meir uformell kontakt. I 1978 vart dette samarbeidet formalisert i eit *Nordisk språksekretariat* med kontor i Oslo.

Språksekretariatet er ikkje noe språkplanleggingsorgan, men arbeider først og fremst på opplysnings- og haldningsplanet, ved å fremme grannespråksundervisning på skolar og universitet, arrangere seminar og gi ut rapportar, stå for utgjevinga av internordiske ordbøker og ordlister og drive med informasjonsarbeid generelt. Rett nok har sekretariatet gitt råd i terminologispørsmål, for å fremme ein einheitleg skandinavisk terminologi der det har vore muleg, men det er ikkje gjort systematisk. Terminologi er eit arbeidsfelt for dei nasjonale språknemndene og terminologiorgana, først og fremst.

Vi ser altså at mens nordisk språksamarbeid før krigen var eit utslag av idealisme hos enkeltpersonar, som deltakarane på Stockholmsmøtet og Sven Clausen, så er det etter krigen først og fremst eit arbeidsfelt for offentleg oppnemnte institusjonar. Det er sjølvsagt ein parallell til

Skandinaviske språknemnder med skipingsår:

Svenska språkvårdsnämnden i Finland: 1942 (sidan 1976 innlemma i *Forskningscentralen för de inhemska spåken* som *Svenska språkbyrån)*
Nämnden för svensk språkvård: 1944 (sidan 1974 *Svenska språknämnden)*
Norsk språknemnd: 1952 (sidan 1972 *Norsk språkråd)*
Dansk Sprognævn: 1955
— — —
Nordisk språksekretariat: 1978

Durilds Saga.

Lukket dansk.

Det var en *begivenhedsrig* dag, da Tjaldur fra *slugten drejede* sig i sadelen og lissom i et *lune lænede* sig mod Gunhildur og *puttede* et *bolsje* i hendes *nydelige* mund. Gunhildur var *tit tavs,* altid *parat* til *spøg,* men hun *kerede* sig ikke om *sjofel* levemåde. *Måske* elsker han dog ikke Borghildur *gættede* hun og av *sult* og *mangel* på føde var hun nær ved at synke bolsjet. Tanken *dulmede.* Hun kunde ikke *døje* Borghildurs *emsige* flirt. Nu hade den spillet *fallit.* Gunhildur var *grim* så det var en *gru,* men hendes *skødesløse* måde at *måbe* på hade bragt hende sejren. — Hade den? Nej, tænkte hun. Tjaldur er en *laban.* Hun *kylede bolsjet* fra sig. Tjaldur *standsede* en *stakket* stund, *tøvede* og *skottede* ind under hendes *kyse.* Gunhildur gav ham et spark bagi, så han røg 1000 fod ned og dræbtes. Siden stod hun av hesten og *spiste bolsjet* uden at se ned.

Åpent dansk

Det var en hændelsesrig dag, da Tjaldur fra kløften vred sig i sadlen og ligesom i nykke ludede sig mod Gunhildur og stoppede en karamel i hendes vakre mund. Gunhildur var ofte fåmælt, altid rede til skjæmt, men hun brød sig ikke om gemen levevis. Kanske elsker han dog ikke Borghildur, gissede hun og av hunger og brist på føde var hun nær ved at svælge karamellen. Tanken lindrede. Hun kunde ikke udstå Borghildurs ivrige flirt. Nu hade den spillet konkurs. Gunhildur var ful så det var skrækkeligt, men hendes uordentlige vis at gape på hade bragt hende sejren. Hade den? Nej, tænkte hun. Tjaldur er en slyngel. Hun kastede karamellen fra sig. Tjaldur stoppede en kortvarig stund, ventede og tittede ind under hendes hætte. Gunhildur gav ham et spark i bagen så han røg 1000 fod ned og dræptes. Siden stod hun av hesten og åd karamellen uden at se udover.

det som har skjedd innanfor den nasjonale språkplanlegginga, som til å begynne med var eit utslag av privat initiativ hos folk som Aasen og Knudsen, men i vårt hundreår vart byråkratisert og profesjonalisert, særleg etter at Språknemnda kom til i 1952. Dette forholdet speglar vel på sett og vis heile samfunnsutviklinga både i Norge og i Norden elles.

Begrensingar i samarbeidet

Språksamarbeidet er eit uttrykk for ein politisk vilje: den skandinaviske språkeinskapen skal ikkje forsømmas heilt i den nasjonale språkrøkta og internasjonaliseringa; den har ein eigenverdi og skal tas vare på. Om vi ser nærare på kva dette samarbeidet reint konkret gjekk ut på og går ut på, reint språkleg sett, så ser vi klart at dei store vyane hos tidlegare generasjonar er blitt kraftig modifisert. Eit samnordisk skriftspråk er det ingen som trur på lenger, og til og med mindre endringar i dei nasjonale språknormene i samnordisk retning blir no prinsipielt avvist.

Eit godt eksempel på det er den reint grafiske forskjellen mellom *æ-ø* og *ä-ö,* som jo har vore ein torn i auget på dei sanne nordistane ned gjennom tidene. Det er sannsynleg, som eg har nemnt før, at svenskane innførte sine tøddelbokstavar nettopp for å få språket sitt til å sjå så ulikt dansk ut som muleg. På 1800-talet hadde dansk ei tid faktisk både *ø* og *ö* samtidig — med ulike lydverdiar: *ø* skulle stå for lukka *ø, ö* for open *ø,* slik at dei skreiv *jeg dør* av *å dø,* men *en Dör.* Det var Rasmus Rask som innførte dette skiljet, men det vart vel aldri fullt ut gjennomført i praksis, og til slutt avskaffa.

Det har frå tid til anna vore foreslått å velje enten den svenske eller den dansk-norske måten å betegne desse lydane på samnordisk basis — dvs. dei forslaga som har vore framme har mest vore av to slag: enten at norsk og dansk tok over dei svenske bokstavane med tøddel, eller at ein gjorde eit slags makeskifte og valde norsk-dansk *æ,* men svensk *ö.* Her kunne ein da peike på at islandsk har ei slik fordeling, sjølv om æ-en der rett nok står for ein heilt annen lyd, nemleg diftongen *ai.* Hovudgrunnen for dei svenske bokstavformene er at dei er meir internasjonale, i og med at dei fins i tysk, og i nordisk samanheng har det ein del å bety at finsk bruker dei.

Dette med å skifte bokstavformer har vore oppe i Nordisk Råd, men er blitt lagt bort med det argumentet at ulempene for dei som måtte skifte ut sine bokstavar ville vere større enn fordelane ved ei samordning, og at det dreiar seg om eit reint overflatisk grafisk trekk som ikkje berører dei eigentlege språklege skilnadene mellom språka — med andre ord: mye bråk om ei uvesentleg sak. Eit spesielt argument er det at særleg *æ/ä* er så ulikt fordelt i språka, i og med at svensk *ä* blir brukt i så mange ord der vi andre har *e,* at likheitene i praksis ikkje kom til å bli særleg mye større. I det siste har vi sett at teknologien har komme inn som ein viss påverknadsfaktor her, nemleg tekstfjernsynet, der mange i Norge og Danmark får

inn svensk *ä* og *ö* i staden for sine eigne bokstavar. Det har nok mest skapt irritasjon hos folk, ikkje noen stor nordisk samarbeidsvilje.

Til og med rekkefølgja av desse bokstavane i alfabetet har det ikkje gått an å forandre på. Til å begynne med, da danskane tok inn å-en, vart den plassert først i alfabetet, på same plassen som *aa,* slik at overgangen skulle bli letta. Men etter noen år vart å-en plassert sist, der vi har han på norsk. I svensk derimot, kjem *å* etter *z* og før *ä* og *ö.* Framlegg om å samordne her er blitt lagt bort, også her fordi ulempene ville bli større enn fordelane: det eller dei landa som skulle forandre rekkefølgja måtte jo da omredigere alle slags alfabetiske lister, telefonkatalogar og bibliografiar og register i bøker og leksikonarrangement og eg veit ikkje kva — det er i det heile utruleg kor styrt vi er av denne alfabetiske rekkefølgja. Frustrasjonane blant folk som ei slik omlegging ville føre til ville langt overgå den ulempa at ein må lære seg ei litt avvikande rekkefølgje når ein er i eit granneland.

I det heile tatt så kan ein seie at denne saka viser noe viktig om det nordiske språksamarbeidet: Ikkje noe land vil ta på seg ekstra samfunnsmessige ulemper på grunn av ei språkleg tilnærming i Norden. Denne realiteten har både språknemndene og det nordiske språksekretariatet innstilt seg på, og det hovudproblemet som da står igjen er å finne ut kor slik tilnærming kan skje utan å skape slike ulemper.

Det seier seg kanskje sjølv at det må bli innanfor ordtilfanget. Her foregår det jo for det første ei reell utveksling av ord over grensene, og har bestandig gjort det. I dag er det mest gjennom media at dette skjer, og det er svensk som eksporterer ord og uttrykk, mest til norsk, men også til dansk. Både i Norge og i Danmark er det ein motvilje mot svesismane; Sven Clausen merka seg det og latterleggjorde at danskane fritt tok inn lån frå tysk samtidig som dei avviste svesismar. Dette har heilt klart ikkje-språklege årsaker, og dei ligg vel i dei historiske motsetningane til Sverige, og framfor alt i den dominerande stillinga Sverige no ein gong har som det største og folkerikaste og økonomisk sterkaste landet i Norden. Men det hindrar ikkje at vi tar opp svesismar i stor grad; dei har jo den fordelen framfor engelske lån at dei er vanskelege å kjenne att og sette stempel på, det skal nesten ingenting til for å tilpasse dei til norsk språkstruktur slik at dei glir rett inn.

Dette skjer likevel ikkje planlagt. Det er ikkje noe mål for Norsk språkråd og Dansk Sprognævn å drive nordisk språkrøkt ved å oppmuntre til innlån frå svensk. Strengt tatt er det ikkje noe mål for dei å drive nordisk språkrøkt i det heile, i vedtektene deira er det berre snakk om å delta i og styrke eit nordisk språksamarbeid, og det er jo ei ganske vag og uforpliktande formulering. Dei undersøkingane som er gjort om språkrådgjevinga desse institusjonane driv, viser da òg at det nordiske argumentet for å anbefale eit bestemt ord eller ei bestemt form stort sett berre kjem inn som eit støtteargument for eit standpunkt som alt er tatt av andre grunnar. Først skal dei innanlandske omsyna avgjere, og viss dei ikkje avklarer spørsmålet fullstendig, kan *kanskje* det nordiske få lov til å telje med i favør av ei bestemt løysing.

På ein del område har språknemndene samarbeidd om å skape ein felles terminologi, særleg der det hadde praktisk betydning fordi det var mye samkvem mellom landa der, slike område som post, flytrafikk, fjernsyn, telekommunikasjonar, meteorologi, turisme. Slike termar som *postkort* og *adressekort* er såleis innført på denne måten, før heitte det *brevkort* og *følgjebrev* — mens svensk tok opp *telegrafist* i staden for *telegrafexpeditör* og dansk kortforma *fly* i staden for *luftfartøj* eller *flyvemaskine.* Men slike forslag, som det er lagt fram mange av, er avhengige av å slå igjennom i bruken; språknemndene kan berre tilrå, og det har nok ofte vore så ymse med gjennomslaget. Også forsøket på eit slikt kommunikasjonsfremmande tiltak som å endre talordsystemet i dansk har det gått dårleg med. I visse samanhengar blir såkalla nordiske talord, av typen *nittito* i staden for *tooghalvfems,* brukt i dansk, som på pengesetlar, kvitteringar o.l., og i kommunikasjon med andre skandinavar vil nok danskar ofte bruke våre talord, men elles så held dei fast på det systemet dei er vant til. Det gjeld her som elles, at det viktigaste formålet for eitkvart språk er at det skal fungere best muleg for sine eigne brukarar, som Alf Hellevik, ein sterk tilhengar av aktivt nordisk språksamarbeid gjennom mange år, har sagt (1970:65): «Større nordisk språkfellesskap er ei tvilsam vinning om det fører til at vi kvar for oss kjenner oss meir framande overfor våre eigne nasjonale språk.»

Dette siste er faktisk eit stort dilemma. Vi har alt nemnt at ortofoni og skandinavisk tilnærming kunne komme i motsetning til kvarandre, i den grad det gjeld ord med ulik uttale i dei ulike språka. Men også det idealet som har stått så sterkt i Norge om eit folkeleg skriftspråk kjem ofte i kollisjon med skandinaviske omsyn. Vil vi skrive slik at det nærmar seg til dansk, må vi nødvendigvis reversere heile utviklinga i bokmålet dei siste hundre åra, som jo nettopp har gått bort frå dansk — eller gå så langt tilbake og skrive eit så tradisjonelt riksmål som det er praktisk muleg. Det er greitt for dei som soknar til denne språkforma, men problematisk for andre. Nynorsk ligg jo på mange punkt nærare svensk enn bokmålet gjer, men også der må ein passe nøye på kva ein skriv og i størst muleg grad unngå særnorske eller særdialektale trekk. Eit nordisk-retta norsk skriftspråk vil derfor lett bli ufolkeleg. Det er da rimeleg at vi prioriterer å skrive norsk slik det fell naturleg for oss, men at vi i skandinavisk kommunikasjon prøver å finne eit balansepunkt mellom tilpassing til den andre parten og krava til den andre parten om å forstå oss. For det er jo slik med all kommunikasjon, at den både stiller krav til å forstå og til å gjere seg forstått, til begge eller alle partar.

Talemålsutvikling

Her høver det å komme stutt inn på talemålsutviklinga i Sverige og Danmark, spesielt om kva slags følgjer denne utviklinga får for forholdet mellom skrift og tale.

Hovudtrekket i denne utviklinga dei siste generasjonane er at dei tradisjonelle dialektane er i full oppløysing over det meste av begge landa. I ein del utkantområde held dialektane seg ganske bra enno, særleg der dei er så ulike skriftspråket at dei i praksis kan reknas som eigne språk. Der skiftar folk mellom det eine og det andre i staden for å gli fram og tilbake mellom dei som vi gjer i Norge og slik dei gjer også i sentrale strøk i Sverige og Danmark. I Sverige har dei forsåvidt bevart dialektar i alle landsdelar, i landsbyane og på bygdene, men kanskje særleg i dei nordlege delane. Dalarna har det mest kjente dømet på ein arkaisk svensk dialekt. I Danmark er det særleg i delar av Jylland og på Bornholm at dialektane er levande. Elles i landet er dei erstatta av ei form for det som kallas rikksspråk.

Men dette rikksspråket er ikkje einskapleg. På den eine sida er det ein tydeleg tendens til det vi kallar skriftuttale. Den tendensen er særleg sterk i Sverige. Der var det for noen generasjonar sidan godkjent standarduttale å seie *dronning, körka, etter* og *te,* men skrifta har *drottning, kyrka, efter* og *till,* og i dag er dette også den einaste aksepterte uttalen (Widmark 1987). Eg kan òg vise til det

eg nemnte ovanfor om at dialektane alt på 1500-talet hadde fått former som *vattne, huse, han skapa, blo, han har skrivi,* mens standarduttalen i dag berre kan ha *vattnet, huset, han skapade, blod, han har skrivit.* I Svenskfinland, derimot, er den tradisjonelle dialektuttalen i slike ord også godtatt i standardtalemålet, slik at der har skriftuttalen mindre makt.

Eit nyare trekk er det at det utviklar seg såkalla regionalspråk både i Sverige og Danmark, og forsåvidt også i Norge, altså relativt einskaplege landsdelsspråk med trekk frå både dialekten og rikksspråket, ein kan kalle det normalisert dialekt eller regionalt rikksspråk. Samtidig ser vi at det folkelege byspråket, særleg hovudstadsspråket, er svært ekspansivt som mønster også for talemålet i andre byar, særleg blant unge. Dette er visst særleg merkbart i Danmark, der eit folkeleg København-språk, som slett ikkje blir rekna som særleg «dannet», ekspanderer i alle større sentrum over heile landet, m.a. ved at det blir akseptert i kringkastinga, til stor ergrelse for mange lesarbrevskribentar (Lund 1987).

Den fonetiske utviklinga i dansk er blitt grundig undersøkt, spesielt av Lars Brink og Jørn Lund i mange år, og dei har funne ut at det er ei rivande utvikling, så sterk at det ser ut til å utvikle seg eit heilt nytt fonologisk system berre over eit par eller noen få generasjonar. Jørn Lund (1982) illustrerer problemet ved å demonstrere dei mange samanfalla i uttale som særleg r-en og dei frikative eller «bløde» konsonantane er ansvarlege for, ved at dei påverkar vokalane rundt seg mest til det ugjenkjennelege. Etter uttalen kunne t.d. *Kære Jens!* skrivas *«Kager Jens!». «Atte bleddet svagere og stagve?»* er ei uttalenær attgjeving for skriftdansk: *Er det blevet sværere at stave?* Lund har med ei uforklart setning: *«Har du reddet dig i odde?»* som eg trur må bety: *Har du revet dig i øjet?* — for det passar med dei døma han elles gir.

Dette er vel det aller viktigaste trekket i dansk og i det heile nordisk språkutvikling i dag, for det ser ut som at dansk er på veg bort frå det fonologiske systemet som i store trekk er felles for norsk, svensk og også eldre dansk, og som ligg til grunn for rettskrivinga i alle språka, også dansk. Resultatet av det att er at dansk rettskriving passar mye betre til norsk talemål enn til dansk, ein ganske pussig situasjon når vi tenker på dei språkhistoriske problema vi har stridd med her i Norge (Vikør 1988). Men for danskane er problemet at rettskrivinga deira truleg er den verste å lære som førstespråk i heile Europa med unntak av den engelske og den irske. Det kan ein ikkje gjere noe med med småendringar: det einaste som kunne hjelpe, ville vere ei fullstendig omvelting og ein overgang til eit heilt nytt rettskrivingssystem — som kanskje ville ta frå dansk preget av å vere eit nordisk språk i det heile, i alle fall gjere dansk skriftspråk utilgjengeleg for oss. Det vil nok danskane ikkje gjere, for da vil dei òg kutte bandet til si eiga språklege og litterære historie — og eg har ein mistanke om at dette er den viktigaste grunnen til rettskrivingskonservatismen deira, ikkje omsynet til oss andre i Skandinavia.

Eit tankeeksperiment

Til slutt skal vi sjå på eit eksperiment som den danske språkmannen Allan Karker har gjort — veteran i språkrøktsarbeidet både på dansk og nordisk plan og i dag leiar i styret for Nordisk språksekretariat. I 1976 sette han opp ei skisse over korleis han kunne tenke seg ei fellesskandinavisk rettskrivingsreform med tanke på ei grafisk tilnærming mellom språka. Det går ikkje an å kalle det eit framlegg, for han sa uttrykkeleg at det berre var



Allan Karker

eit tankeeksperiment, og at han ikkje ein augneblink trudde at noen ville følgje det opp for alvor. Men det kunne likevel ha interesse å sjå korleis det ville ta seg ut i praksis, og kva slags offer dei ulike landa eventuelt ville ha måtta gjort for det gode formålet.

Vi har her eit konkret og ganske oversiktleg eksempel på praktisk språkplanlegging, sjølv om det berre er på tankeeksperimentstadiet. Mønstergyldig nok startar Karker med å sette opp fem grunnprinsipp for prosjektet, og deretter følgjer ei rekke punkt med konkrete framlegg — sjå ramma på neste side.

Eg kommenterer berre ein detalj nærare: Når det gjeld *hv* i norsk bokmål, så er jo denne skrivemåten gjennomført der etter etymologiske prinsipp, men i noen få ord, blant andre dei som Karker nemner, er h-en fjerna — eg kan òg nemne *veps* og *valp,* som hadde *hv* før 1959. Grunnen til det er tilnærminga til nynorsk: nynorskmedlemmene i Språknemnda vurderte å ta opp desse ordformene under arbeidet med læreboknormalen, men kunne ikkje godta stavemåten *hv,* som jo ikkje fins på nynorsk. For at det skulle bli ei reell tilnærming godtok bokmålsmedlemmene å sløyfe h-en i si målform i dei orda nynorsk tok opp, mens dei elles let h-en stå — for ei endring frå *hv* til *v* førte jo ikkje til noen tilnærming der nynorsk hadde *kv.* Karker ønskte altså at tilnærminga til nynorsk skulle vike i desse få orda. Han nemner ikkje ordet *veps* — men dette ordet fins berre på norsk; det heiter *geting* på svensk og *gedehams* på dansk, så han ville kanskje godta ein dispensasjon for det.

Ser vi generelt på heile framlegget, så ser vi at to punkt berre gjeld isolerte enkeltord, pkt. 2 og 7. Da blir det igjen ti som gjeld større systematiske endringar, og vi ser at av dei er det fire som går ut over berre svensk, tre går ut over berre dansk, to går ut over begge, og berre eitt går ut over norsk. Sjå òg tala for frekvensane av endra former i løpande tekst på dei tre språka. Dette er litt interessant, sidan det er ein danske som har utarbeidd framlegget.

Grunnen er delvis den posisjonen norsk allment inntar som språket i midten i Skandinavia. Norsk liknar svensk mest i fonologi og dermed ofte i rettskrivingsformer, men dansk mest i rettskrivingsprinsipp, i ord og uttrykksmåtar, og for bokmål sin del i morfologi. Alle undersøkingar om skandinavisk språkforståing viser at norsk blir forstått betre av danskar og svenskar enn dei forstår kvarandre sine språk, og det gjeld særleg tradisjonelt og normalisert norsk bokmål — sjølv om det viser seg at danskar og svenskar ofte forstår nynorsk og dialektfarga norsk betre enn dei sjølv trur at dei gjer.

Frå Allan Karker: Nordisk retskrivning - den ideale fordring (i *Språk i Norden 1976*)

Fem grunnprinsipp:

1. «Den nuværende skrivemåde fastholdes i alle tilfælde hvor der allerede er overensstemmelse mellem de tre sprog, eller hvor skrivemåden letter naboernes genkendelse af ordet» (sv. *djur, ljus,* ikkje *jur, jus;* norsk og dansk *jord, land,* ikkje *jor, lann).*
2. «Hvor skrivemåden stemmer systematisk overens i to av sprogene imod det tredje, ændrer mindretallet sin retskrivning efter flertallet.»
3. «Hvor skrivemåden er systematisk forskellig i alle tre sprog trods ensartet udtale, vælges et fælles princip for stavningen.»
4. «Ændringer i henhold til princip nr. 2 gennemføres *ikke* hvis de strider imod udtalen i det enkelte sprog.» (Altså: skilje av typen *gang/gång, bru/bro, hop/hob, båd/båt* skal bestå.)
5. «De gældende regler for tillempning av fremmedords skrivemåde opretholdes indtil videre, trods forskellig praksis i de tre sprog.»

Dei konkrete punkta:

1) Svensk fører inn att *hv (hvad, hvar, hvarje, hvarför, hvem, hvete, hvila, hvilken, hvit).* Norsk bokmål gjer det same i noen få ord: *hverken, hverv, erhverv, hvirvel.*
2) Dansk endrar preposisjonen *af* til *av.*
3) Norsk fjernar *j* framfor *e, æ, ø: gerne, skebne, kær, skære, gøre, køre.* Unntak: Han skal bestå i trykklette endingar der han svarer til ein uttaleforskjell: nynorsk *følgje, kyrkje, ønskje* mot bokmål *følge, kirke, ønske.*
4) Dansk skriv *-kt* i staden for *-gt* når t-en hører til ordstamma, liksom norsk og svensk: *saktens, dikte, hensikt* osv. (i dag *sagtens, digte, hensigt* osv.) (men stadig *lagt* og *trygt* av *lægge* og *tryg).*
5) Svensk endrar *x* til *ks: okse, byksor, tekst* osv. (i dag *oxe, byxor, text* osv.).
6) Svensk tar opp *kk* for *ck: takk, stikka, gikk, vekka* (i dag: *tack, sticka* osv.).
7) Svensk bør gå over til *ok, også* i staden for *och, också.*
8) Dansk bør fordele *nn/nd* etter etymologiske prinsipp, som norsk og svensk: *annen, blande, bønder* av *bonde, bønner* av *bønne, kente* av *kenne, sendte* av *sende* (i dag: *nd* i alle desse orda).
9) Dansk bør gjere det same med *ll/ld: hylle, kulde, kalle - kalte, melde - meldte* (i dag *ld* i alle orda).
10) Bruken av enkel og dobbel konsonant skal samordnas. Dette problemet er så stort og innvikla at Karker bruker fleire sider på det, og eg kan ikkje gå inn på det her, men også her er det nesten berre dansk og svensk som må nærme seg norsk. Einaste endringa for norsk er *inn > in.*
11) Svensk fører inn att *dt* i former som *rödt* og *godt (rött* og *gott* sidan 1906).
12) Svensk og dansk fører inn att *e* i staden for *ä/æ* i ei lang rekke ord etter mønster av norsk (men ikkje der det er snakk om reelle uttaleforskjellar). Døme: dansk *legge, velge, fengsel, tenke, nesten, sette, jevn* (i dag *æ* i alle desse orda); svensk *legga, velja, fengelse, tenka, nestan, setta, jemn* (i dag *ä* i alle orda).

Endringar som Karker drøftar, men ikkje tilrår:

1) utjamning av *æ - ø* vs. *ä - ö*
2) utjamning av *ei - øy* vs. *ej - øj*
3) fjerning av dansk stum *d* i ord som *plads, spids, smudsig* osv. - fordi svensk her har *ts: plats, spets, smutsig* (med uttalt *t)*
4) innføring av infinitivsmerket *at* i norsk (som har *å)* og svensk (som har *att)*

Frekvens av endra former i løpande tekst (etter eigne berekningar, sjå artikkelen hans):

svensk: endringar i 19 % av alle ord.
dansk: 16 %
norsk (bokmål og nynorsk vurdert saman): 2 %.

Men denne forklaringa er ikkje nok når det gjeld slik rein grafisk rettskrivingstilnærming som det er snakk om her. Meininga med Karkers eksperiment er jo at sjølve språka ikkje skal berøras av endringane, dei skal berre gå på ytre trekk i rettskrivingane. Poenget da er at norsk har utvikla sine rettskrivingar gjennom systematisk normeringsarbeid i moderne tid, og at skrivemåtane er regulert etymologisk på ei tid da kunnskapane i språkhistorie og ordhistorie var sterkt utvikla. Dansk og svensk er også normert etymologisk, men likevel tilfeldig og inkonsekvent fordi desse kunnskapane på 15-, 16- og 1700-talet enno var ganske dårlege. Derfor er fordelinga mellom *e* og *æ, ld* og *ll, nd* og *nn* osv. blitt så tilfeldig i dei språka. I Norge sørga Aasen for å skape eit ryddig system bygd på gode etymologiske kunnskapar i sitt nynorsk, og under tilnærmingsprosessen gjekk bokmål over til det same systemet når det gjeld desse punkta. Akkurat her har altså nynorsken hatt stor innverknad i Norge, sjølv om folk er lite klar over det fordi desse punkta er komne i skyggen i språkstriden. Men gjennom Karkers forslag kunne nynorsken her også påverke svensk og dansk på viktige punkt, dersom dei hadde blitt realpolitikk.

Men realpolitikk blir dei jo ikkje, og denne ulikevekta er i seg sjølv ein grunn til at det er umuleg. Norsk er strukturelt det språket som ligg i midten og såleis kjem best ut i ein skandinavisk tilnærmingsprosess — men maktpolitisk og når det gjeld folketal ligg nettopp norsk på jumboplassen. Ei reform som ville gi inntrykk av at norsk skulle diktere rettskrivinga i svensk og dansk ville ikkje ha fnugg av sjanse. Dette kjem i tillegg til den mildt sagt låge prioriteten språkendringar i skandinavisk lei har i det heile tatt i alle landa.

Ein viktig ting til kan ein lære av dette framlegget: Norskens overvekt kjem som eg sa delvis av at norsk har vore meir vellykka i å bygge rettskrivinga si på ein praktisk bruk av det etymologiske prinsippet, som da er prioritert over det ortofone. Det er eit varig resultat av Aasens innverknad. Og Karker viser klart at skal det skje ei skandinavisk språktilnærming, så er det nettopp denne prioriteringa ein må følgje: ein må søke eit felles utgangspunkt og ikkje la variasjonen i faktisk uttale bestemme, for da aukar ein ulikheitene. Ortofone stavemåtar kan passere når dei baserer seg på felles uttaletrekk i dei skandinaviske språka, mens dei elles vil stå i motsetning til det skandinaviske omsynet.

Her kan vi peike på ein inkonsekvens i behandlinga hans, nemleg det som gjeld *hv,* som han altså vil føre inn att i svensk (punkt 1 i framlegget). Sidan *hv* aldri står for noe anna enn ein v-uttale i Skandinavia, må ein seie at her kunne han heller ha snudd på flisa og sagt at dansk og bokmål kunne sløyfe h-en og skrive ortofont, for å oppnå likheit den vegen. For danske skolebarn ville det ta bort ei av dei mange rettskrivingsplagene dei har, mens Karkers forslag her tvertimot vil føre inn ei ny plage for svenske ungar. Nynorskens *kv* kan etter Karkers eigne prinsipp haldas utanfor, sidan den reflekterer ein reell uttaleskilnad. Men akkurat her er det nok Karkers eigen danske bakgrunn som spelar inn, og som instinktivt får han til å motsette seg å fjerne denne h-en. Elles har han jo tydeleg prøvd å sjalte ut dansken i seg og vere upartisk skandinav.

Konklusjon

Samanliknar vi den nasjonale og den skandinaviske språkplanlegginga, så er skilnaden først og fremst den at den skandinaviske språkplanlegginga ikkje er eit ledd i ein historisk prosess, slik utviklinga av nasjonalspråka var: noen skandinavisk einheitsstat er jo ikkje aktuell i det heile tatt, berre eit regionalt samarbeid mellom sjølvstendige statar. Det er framleis nasjonalstaten som er ramma for språkbruk og språkundervisning. Presset frå større einingar som EF, og på det språklege området frå engelsk, er eit viktig trekk i bildet, men eg kan ikkje gå nærare inn på det her. Det skandinaviske fellesskapet er nok mest idealistisk, og i den grad det er materielt, fungerer det utan noe særskilt språkleg uttrykk: Vi kommuniserer på norsk, dansk og svensk og forstår kvarandre med litt godvilje uansett. Også finnar, islendingar, færøyingar og grønlendingar forstår og snakkar ofte svensk eller dansk, og viss dei ikkje gjer det, tyr vi til engelsk. Skandinavisk språktilnærming framstår derfor ikkje som nødvendig, og har inga makt bak seg. Det er denne situasjonen dagens nordistar må forholde seg til, når dei likevel prøver å fremme skandinavisk tilnærming så langt det er muleg innanfor dei maktforholda som rår.

Men det er likevel verdt å nemne at den konstellasjonen eg alt har nemnt for Danmarks vedkommande — skandinavisk samarbeid som eit vern mot press sørfrå — kan komme til å bli fornya i ein EF-samanheng. Det er tydeleg alt no at danskane er svært opptatt av dette med eigen identitet, nordisk identitet, i forhold til Tyskland og Europa elles (unionsavstemninga i juni 1992 styrkar sjølvsagt dette inntrykket). Dess fleire nordiske land som kjem inn i EF, dess sterkare konfrontasjon kan vi vente oss mellom eit nasjonalt, eit nordisk og eit europeisk identitetsbegrep, og språka og språksyna kjem til å spele ei heilt sentral rolle her. Det kan føre til ein ny giv både for nasjonal språkrøkt og purisme, og for det nordiske språksamarbeidet — men samtidig kan det føre til ein ny språkstrid: mot dei som synes det nasjonale og nordiske er for smått og provinsielt og som vil integrere seg heilt i Europa, også språkleg og kulturelt.

Litteratur

Bergman, Gösta: *Kortfattad svensk språkhistoria.* 1968

Haugen, Einar: *The Scandinavian Languages. An Introduction to their History.* 1976

Hellevik, Alf: Utviklinga i norsk rettskriving etter Stockholmsmøtet 1869. I *Språk i Norden 1970*

Jacobsen, Henrik Galberg: *Sprogrøgt i Danmark i 1930erne og 1940-erne.*

Karker, Allan: Nordisk retskrivning — den ideale fordring. I *Språk i Norden 1976*

Loman, Bengt: Idéer och motiveringar i nordisk språkplanering under de senaste hundra åren. I *Språk i Norden 1982*

Lund, Jørn: *Sprog og sprogbrug i dag.* 1982

Lund, Jørn: Sproget i radio og tv. I *Språk i Norden 1987*

Spang-Hanssen, Henning: Den retskrivningsmæssige udvikling i Danmark siden det nordiske retskrivningsmøde i Stockholm. I *Språk i Norden 1970*

Ståhle, Carl Ivar: Det nordiska rättstavningsmötet 1869 och hundra års svensk rättstavning. I *Språk i Norden 1970*

Sudmann, Arnulv: Nordisk språksamarbeid. I *Språk i Norden 1970*

Vikør, Lars S. : Tre retoriske spørsmål. I *Språklig Samling* 3—1988

Wessén, Elias: *De nordiska språken.* 1965

Widmark, Gun: Växelverkan mellan tal och skrift. I *Språk i Norden 1987*

Nytt fra Språkrådet:

Termen konservativt bokmål legalisert

Av Arne Torp

I Språklig Samling nr. 1-2 1991 skreiv jeg en artikkel under overskriften «Bokmålssekretariatet i Norsk språkråd — eit språkpolitisk sensurorgan?», der jeg fortalte at jeg hadde fått pålegg av dette organet om å bruke termen *moderat bokmål* i ei lærebok i stedet for *konservativt bokmål,* som jeg mente var en mye heldigere term om den språkforma som skiller seg mest fra *radikalt bokmål.* Motsetningsparet radikal: konservativ er jo velkjent også fra andre områder — særlig politikken — mens begrepsparet *radikal : moderat* ikke danner noen naturlig motsetning — mente *jeg* da. Men der fikk jeg altså motbør — skulle boka godkjennes, fikk jeg pent finne meg i å kalle det *moderat* bokmål. Enden på visa blei da at jeg i første omgang fant å måtte bøye av for ikke å risikere trøbbel med godkjenninga, ettersom det hasta med å få ut boka. Men samtidig bestemte jeg meg for å protestere for all verden på den behandlinga jeg hadde fått i bokmålssekretariatet, og det var altså derfor jeg skreiv den omtalte artikkelen i Språklig Samling.

Styrebehandling i Språkrådet

Det viste seg da også at artikkelen blei lagt merke til av andre i Språkrådet, og på styremøte 6. september i fjor blei saken tatt opp. Å dømme etter referatet fra møtet følgte ordskiftet omtrent de skillelinjene en kan tenke seg: Målfolk og samnorskvennlige bokmålsfolk mente betegnelsen konservativt bokmål burde være tillatt, mens de mer riksmålsvennlige tviholdt på at det måtte hete moderat bokmål, fordi dette var en innarbeidd term, som ikke måtte forandres. For øvrig var det interessant å legge merke til at enkelte av styremedlemmene følte seg ille berørt av termen konservativt bokmål, fordi den ville innebære at den språkforma de sjøl brukte, dermed ville bli stempla som konservativ.(!)

Språklig Samlings bokmålsrepresentant Geirr Wiggen, foreslo til slutt at en heretter skulle overlate til lærebokforfatterne sjøl å avgjøre om de ville bruke termen *konservativt* eller *moderat* bokmål, og dette forslaget blei så vedtatt med fire mot to stemmer.

Riksmålsmannen Selberg vakner til dåd

Hermed kunne en kanskje venta at saken hadde vært opp- og avgjort, men dengang ei. Før Språkrådets årsmøte i år forelå det et fire siders opus fra Ole Michael Selberg, en av riksmålsrepresentantene i Norsk språkråd, med tittelen: *«Moderat eller konservativt?* Om Arne Torps språkhistorie og Språkrådets behandling av den». Han refererer her både det som faktisk hadde skjedd mellom bokmålssekretariatet og meg i denne saken og kommer samtidig med sine egne kommentarer.

Selberg som makelighetsprofet

Det som særlig irriterer Selberg, er at jeg ikke hadde fått godt nok fram i mi framstilling hvor *naturlig* og nærmest sjølsagt det er å skrive moderat bokmål, som han altså kaller det. I min opprinnelige tekst stod det nemlig at vi kunne «tøye bokmålet i retning av dansk», eller «strekke nynorsken i retning av Aasens opprinnelige språk», og det vi da fikk, ville jeg kalle henholdsvis *konservativt* bokmål og *konservativt* nynorsk. Dette kommenterer Selberg på denne måten:

> Med verbene *tøye* og *strekke* skaper Torp inntrykk av at konservativt bokmål og konservativ nynorsk er noe som ikke faller helt naturlig, noe som forutstter en viss anstrengelse fra brukernes side. Den skrivende må «tøye» og «strekke» språket for å få det konservativt, slik vi ved å tøye armer og ben kan få kroppen til å innta stillinger som er mulige, men kunstlede.
>
> At disse gymnastiske metaforene skulle ha noe odiøst over seg, er faktisk Selberg den første som har oppdaga, akkurat de uttrykka var faktisk aldri noe stridsspørsmål mellom bokmålssekretariatet og meg.

Selberg tolker her altså nyanser inn i min tekst som jeg ikke sjøl hadde tilsikta. Muligens vil Selberg nå beskylde meg for å gjø-

re det samme med hans tekst når jeg hevder at han framstiller det som om konservativt/moderat bokmål/riksmål er så «naturlig» at det nærmest «kommer av seg sjøl». Han sier ganske visst ikke dette så direkte, men hans sterke poengtering av at «det konservative» bokmålet er den *vanligste* formen for bokmål» som det heter litt seinere hos han, bør vel også kunne oppfattes dithen at det er den språkforma som «faller naturligst» — reine ryggmargsrefleksspråket, med andre ord.

Dersom denne tolkinga er tilnærmelsesvis riktig, er det interessant å legge merke til at Selberg her er på klar kollisjonskurs med det organet han sjøl faktisk representerer i Norsk språkråd, nemlig riksmålsbevegelsens eget «sprogakademi», *Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur,* i alle fall dersom de fremdeles mener det samme som for fjorten år sia. I deres *Orientering om riksmålet* fra 1978, som for øvrig var sitert i lederartikkelen i forrige nummer av dette bladet, heter det nemlig bl.a. slik: «Uansett sosial plassering krever det *anspennelse* å tilegne seg et fullt utviklet litterært sprog som riksmålet: men *anspennelse* er forutsetningen for all vekst i personlig modenhet og kultur.» (uthevinger ved AT).

Selberg som moralist

Selberg gjør et polemisk poeng ut av at jeg som formann i LSS ikke er særlig truverdig, sjøl om undertegna «gir seg selv attest for å være en av de «lærebokforfattarar som gjør seg flid med å skrive objektivt og saklig om den norske språksituasjonen»..». At en riksmålsmann tviler på objektiviteten i ei språkhistorisk framstilling skrivi av en samnorskmann, er sjølsagt lite oppsiktsvekkende. I læreboka *Språklinjer* skal jeg da ha opptrådt på en ekstra fordekt måte («Torp, formannen i Landslaget for språklig samling, trer ikke frem med åpent visir.»), fordi jeg hadde forsøkt å lansere

betegnelsen «konservativt bokmål» på en slik måte at elevene

- må tro det dreier seg om en *deskriptiv* definisjon, dvs. en definisjon der Torp ikke redegjør for egen språkbruk, men beskriver gjengs språkbruk i samfunnet;
- må få inntrykk av at «konservativt bokmål» og «konservativt nynorsk» er kommensurable størrelser, ettersom Torp ingensteds sier noe om de forskjellige variantenes *utbredelse* i språksamfunnet.

Selberg har selvfølgelig rett i at termen *moderat bokmål* har vært den mest brukte om den språkforma det her er snakk om. Når jeg likevel foretrekker termen *konservativt* bokmål, så henger ikke det bare sammen med mitt språkpolitiske syn, men i like høy grad med ønsket om å bruke den termen som utgjør det naturlige motstykket til *radikalt* bokmål. Ved å bruke disse termene får vi en enhetlig og konsistent terminologi som kan brukes både om bokmål og nynorsk. Dette var et viktig *pedagogisk* poeng for meg da jeg skreiv boka, og det understreka jeg også overfor bokmålssekretariatet i Språkrådet, men dessverre uten å vinne fram — der i gården var man mer opptatt av det angivelig odiøse i at en bestemt variant av bokmål skulle kunne kalles konservativ, noe jeg har vanskelig for å innse, også etter å ha lest Selbergs utgreiing.

Men Selberg er ikke bare misfornøyd med at jeg ville bruke termen konservativt bokmål — det han misliker aller mest, er at jeg bruker termen *konservativ* både om den varianten av bokmål der det heter f.eks. *moren min* og den varianten av nynorsk som har *mori mi* — altså såkalt i-mål. Dette synes han er grovt misvisende, for på bokmål er de konservative formene «vanlige» og «normale», mens i-målsformene på nynorsk er sære og avvikende. *Dette* burde jeg ha fortalt elevene, i stedet for å henge merkelappen «konservativ» på begge disse språkformene.

Her synes jeg Selberg blander seg lovlig mye opp i det faglig-pedagogiske opplegget for boka. Han veit nemlig inderlig godt at det jeg er ute etter å vise elevene i dette kapittelet, som har tittelen «Hva er norsk?», det er *variasjonsbredda* innafor norsk skriftspråk, og det gjør jeg ved å gjengi den samme teksten i fire forskjellige utgaver — både konservativ og radikal utgave på begge de offisielle målformene.

Dette opplegget karakteriserer Selberg sjøl som «i og for seg ingen dum innfallsport til den sentrale problematikken i vår norske språksituasjon.» Likevel er han altså ikke fornøyd, for i stedet for å rette oppmerksomheten mot den store valgfriheten som faktisk eksisterer, men som elevene nok for en stor del er temmelig *uvitende* om, så burde jeg i stedet ha fortalt dem noe de aller fleste sikkert er ganske klar over fra før, nemlig at det såkalte moderate bokmålet er den helt dominerende skriftspråkforma her i landet, og at det bare er en sær liten klikk som skriver konservativ nynorsk — eller nynorsk i det hele tatt, for den del. Dersom jeg hadde skrivi noe i den retning, da hadde jeg visstnok etter Selbergs syn gitt ei balansert framstilling av den norske språksituasjonen.

Jeg skjønner godt at Selberg ut fra *sitt* språkpolitiske syn kunne ha ønska seg at jeg hadde skrivi noe slikt. Å fortelle unge og kanskje usikre språkbrukere at ei bestemt språkform er den «normale» og «vanlige», er nemlig langt på veg jamgodt med å fortelle dem at det er den de *bør* bruke, dersom de ønsker at det de skriver, skal bli tatt på alvor. Men venta Selberg virkelig at jeg med *mitt* språkpolitiske syn kunne finne på å skrive akkurat dét? Er det *så* dårlig stell med Riksmålsbevegelsen nå for tida at de må bruke samnorskfolk til å drive propagandaen sin??

Selbergs skriv gjorde tydeligvis heller ikke noe avgjørende inntrykk på medlemmene i Språkrådet, for behandlinga på årsmøtet førte ikke til noen endring av det vedtaket som styret hadde gjort. Heretter gjelder altså retten til å kalle det konservative bokmålet for konservativt også for oss lærebokforfattere!

En makelighetsprofet og en moralist.

Når konservativt blir radikalt og radikalt blir konservativt

Et bidrag til ytterligere begrepsforvirring om ymse varianter av norsk

Av Arne Torp

Den normale betydninga av uttrykket *radikalt språk* i forbindelse med de norske skriftnormalene kan vel gjengis omtrent slik: **Som radikale regner en former som bryter med tradisjonen innafor vedkommende skriftnormal.** *Radikal nynorsk og radikalt bokmål* blir dermed de variantene av nynorsk og bokmål som *ligner* hverandre mest, ettersom nynorsk og bokmål var mer ulike før. Slik er den gjengse språkbruken, og slik bør en nok bruke disse uttrykka viss en vil unngå å bli misforstått.

Det er imidlertid et faktum at uttrykket *radikal nynorsk* faktisk også er blitt brukt om det som ellers gjerne kalles *konservativ nynorsk* — altså den nynorsken som ligger *lengst borte fra* bokmålet. Dette kan nok virke underlig, men det har ei i og for seg naturlig forklaring.

For fullt ut å forstå denne språkbruken bør vi ta utgangspunkt i språksituasjonen her i landet for over hundre år sia — *før* nynorsken hadde vist seg på scenen. I den situasjonen er det klart at Aasens landsmål representerte et mer «radikalt» brudd med det etablerte skriftspråket — dansken — enn den såkalte radikale nynorsken i dag, som jo ligger atskillig nærmere bokmålet, og dermed sjølsagt også nærmere dansk.

Denne bruken av uttrykket «radikalt nynorsk» forekommer faktisk fremdeles blant en del såkalte høgnorskfolk, dvs. folk som bruker former som *eg hev fenge boki.* Begrunnelsen for denne avvikende språkbruken er den at de ser det, så er det fremdeles slik at «norsk-dansken» (som de gjerne kaller bokmålet) er det dominerende skriftspråket i det norske samfunnet — noe de sjølsagt i og for seg har rett i — og dermed blir deres form for nynorsk den språkforma som bryter mest radikalt med det etablerte. Denne måten å bruke uttrykket på er nok likevel såpass avvikende i forhold til den gjengse at den nok passer best til «innvortes» bruk i høgnorskrørsla — utafor de innviddes krets er den nok mer egna til å forvirre enn opplyse.

For å bidra ytterligere til forvirringa omkring begrepsparet *konservativ : radikal* skal jeg nå lansere ei tolking av begrepsparet konservativ : radikal som gjør det jeg sjøl helst til kalle *konservativt bokmål* til den aller mest radikale norske skriftspråksform over hodet — faktisk overgått i «radikalisme» bare av *rein dansk!* Hvordan jeg får til dette halsbrekkende kunststykket uten å omdefinere sjølve begrepa *konservativ* og *radikal,* skal jeg straks vise.

Hemmeligheten ligger i å oppfatte begrepsparet *konservativ : radikal* ikke språkpolitisk, men reint språkvitenskapelig. Dessuten må en se på forholdet mellom tale og skrift, og

ikke bare fokusere på tradisjonen innafor et bestemt skriftspråk.

Som kjent er alle språk i stadig forandring. Derimot er det ikke alle språk som forandrer seg like fort. For ca. 1500 år sia ser det ut til at folk snakka stort sett likt i hele Skandinavia — såkalt urnordisk. Slik er det ingen som snakker lenger. De norske «emigrantspråka» — færøysk og særlig islandsk — er nok de som har beholdt mest av det gamle fellesspråket. Disse språka blir dermed de mest *konservative* nordiske språka.

Alle de moderne skandinaviske språka har fjerna seg mye lenger fra opphavet — de er altså langt mer *radikale*. Men de skandinaviske språka ligger ikke like langt fra det felles opphavet. Dersom vi holder oss til *talespråket,* er det ingen som helst tvil om at *dansk* er det språket som har «skeia ut» mest. Dette er også tydelig når vi ser på forholdet mellom tale og skrift i skandinavisk, der avstanden er mye mindre mellom tale og skrift både i norsk og svensk enn i dansk.

Det er kjent fra mange språksamfunn at et skriftspråk som har vært i bruk ei viss tid, etter hvert gjerne blir konservativt i forhold til talespråket i det samme språksamfunnet.



Begrepsforvirring: Et halsbrekkende kunststykke.

Dette kommer av at skriftspråket ofte holder på den samme skrivemåten sjøl om uttalen forandrer seg, fordi tradisjonen er så sterk i skriftspråket. Slik er det også i dansk — det danske skriftspråket svarer på mange punkter bedre til dansk uttale på 1200-tallet enn til dansk uttale i dag.

La oss ta et par eksempler: På moderne dansk skriver de *løg* og *steg*, mens uttalen er noe i retning av *låy* og *stai*. Den moderne skrivemåten svarer til den uttalen en regner med danskene brukte for om lag 800 år sia, og dermed kan en sjølsagt med god samvittighet påstå at den danske skrivemåten i dag er konservativ i forhold til uttalen i dansk. Skrivemåten på *konservativt* norsk bokmål — *løk* og *stek* — svarer derimot til dansk uttale enda ett eller to hundre år lenger tilbake — før år 1000 hadde nemlig dansk harde konsonanter som norsk og svensk. De «bløde» danske konsonantene er altså ikke noe eldgammelt som dansk har bevart, de er tvertimot nyere enn de harde konsonantene.

Går vi så videre til de *radikale* bokmålsformene — *lauk* og *steik* — så er vi enda et par hundre år lenger tilbake i dansk språkhistorie — de gamle fellesnordiske diftongene *ei, øy* og *au* blei nemlig «dradd sammen» (monoftongert) til *e* og *ø* alt før 900. De såkalte radikale bokmålsformene er altså reint språklig sett mer opprinnelige — eller meir «konservative», kunne en si, enn formene i konservativt bokmål, som i sin tur igjen er mer opprinnelige enn de *danske* skriftformene.

Her er det altså bare i forhold til *dansk* uttale at de danske skriftformene er konservative — i forhold til *norsk* uttale er forholdet som vi har sett det stikk motsatte — den norske uttalen er nemlig langt mer «konservativ» enn den danske skrivemåten.

Et temmelig tilsvarende forhold har vi ved såkalte a-former, som f.eks. *visa*, der konservativt bokmål har *-en*-endelse — *visen*. Her er det riktignok noen som kanskje ville hevde at *visen* må være ei mer opphavlig form — på gammalnorsk hette det f.eks. *vísan* — og denne forma kan jo unektelig synes å ligne vel så mye på *visen* som på *visa*. Men de som mener det, glømmer samtidig at endelsen *-en* i ord som *visen* gjør hankjønns- og hunkjønnsord helt like: På konservativt bokmål er det ingen forskjell på endelsen i bestemt form av ord som *vise* og *bakke* — det blir *visen* og *bakken*. Disse orda hadde derimot *ikke* samme endelse på gammalnorsk — der hette det *bakkinn* (med dobbel *n*) fordi ordet *bakke* er hankjønn både på gammalnorsk og moderne norsk, mens *vísan* (med enkel *n*) er hunkjønnsord. Grammatisk sett er altså *visa* mer «konservativt» enn *visen*, fordi a-forma tar vare på det gamle skillet mellom hankjønn og hunkjønn, som er blitt borte i det danske «felleskøn».

Det trenger altså slett ikke å være uttrykk for ei inkonsekvent språkholdning å gå inn for radikalt bokmål framfor konservativt, og samtidig være tilhenger av *tradisjon* i språkvegen. Som vi har sett et par eksempler på her, er det nemlig lett å påvise at dansk på svært mange punkter er det *minst* tradisjonelle og mest moderne av de skandinaviske språka, mens norsk på flere punkter kan sies å være det mest gammaldagse og opprinnelige.

Nå blir det jo ofte sagt om folk som sier f.eks. «steken var fet» at de snakker *konservativt*, mens folk som sier «steika var feit» snakker *radikalt*. Dette er sikkert en språkbruk som de fleste kjenner, men etter mi mening er den ganske uheldig, i alle fall når det gjelder talespråket.

Det er nemlig en kjensgjerning at monoftongformer som *stek* og *fet* og felleskjønnsformer som *steken* ikke har eksistert i talemålet her i landet (bortsett fra i visse østlige distrikter som Østerdalen og deler av Østfold, og dessuten i Bergen) før lenge etter at dansk skriftspråk var vel etablert — altså sikkert ikke før langt utpå 1700-tallet. Den tradisjonen som de «konservative felleskjønnsmonoftongistene» kan påberope seg, er altså toppen et par hundre år gammel. Den som bruker diftonger og trekjønnssystem, er derimot på linje med sjølve urnordisken — ja, vi kan godt ta enda kraftigere i og si både urgermansk og indoeuropeisk for den del! Her er det altså ikke snakk om en tradisjon som bare strekker seg et stakkars par hundre år bakover i tida, men flere tusen år...

Det er altså ingen grunn til å beskylde oss som ikke snakker såkalt konservativt for å være «sproglige anarkister» eller hva man nå kan finne på å kalle oss — tvert imot — vi forvalter en *folkelig talemålstradisjon* som er langt eldre enn den parvenyaktige riksmålstradisjonen. Sett i dette lyset er det altså ingen som snakker så «radikalt» som medlemmene i Riksmålsforbundet — i alle fall de som lever etter læra!

1 : 1 i kampen Majorstuen : Majorstua

En gang i begynnelsen av 1980-åra vedtok bystyret i Oslo at trikkestasjonen på Majorstua skulle få den offisielle navneforma *Majorstuen*. Området eller bydelen skulle derimot fremdeles hete *Majorstua*, som er den forma som er i samsvar med de generelle retningslinjene for skrivemåten av stedsnavn.

I 1987 henvendte LSS seg til Oslo veivesen for å klage på at det var kommet opp skilt som viste vei til Majorstuen, noe vi mente måtte være feil, ettersom det vel var bydelen og ikke trikkestasjonen som skiltene viste veien til. Dette sa veivesenet seg enig i og lovte at skiltene med *Majorstuen* skulle bli fjerna etter hvert.

I år (1992) tok vi imidlertid opp denne navnesaken på nytt. I et brev til Oslo byråd, som blei sendt 24. mars i år, bad vi byrådet vurdere om ikke bydelen og trikkestasjonen burde hete det samme. Bakgrunnen for denne henvendelsen var bla. den nye navneloven, som trådde i kraft for to år sia, der §4 lyder slik: «Same namnet på ein og same staden skal som hovudregel ha berre ei skriftform i kvart språk.» — I merknadene til denne paragrafen kommenteres dette slik:

> Det same stadnamnet kan samstundes og på same staden vere namn på fleire gardsbruk, på ei grend, ein skole, eit postkontor, ein haldeplass m.m. Når same namnet blir brukt om ulike einingar på same staden, skal det som hovudregel berre ha ei skriftform for kvart språk.
>
> Når ulike former av same namnet har lang tradisjon, eller er vel innarbeidde slik at det knyter seg sterke interesser til dei ulike formene, kan det vere aktuelt å gjere unntak frå hovudregelen.

I brevet vårt til byrådet kommenterte vi dette slik:

> Når det gjelder navneformene *Majorstua* og *Majorstuen*, er det vanskelig å se at noen av de spesielle forholda som er nevnt i det siste avsnittet skulle være aktuelle i dette tilfellet. Etter vårt syn må de forskjellige navneformene på området være klart i strid med intensjonene i navneloven. Vi vil derfor henstille til det nåværende byrådet om å bringe navnet på trikkestasjonen på linje med navnet på området, slik at begge heretter får navnet *Majorstua*, som utvilsomt er den formen som er best i harmoni med forskriftene i den nye navneloven.

Dette utspillet blei raskt tatt opp av NRK. Bare få dager etterpå fikk LSS oppringning fra Østlandssendinga (som forresten visstnok heter Østlandssendingen), som var interessert i å lage et innslag om saken. Fra LSS stilte da Eric Papazian, som talte varmt for *Majorstua*, mens Tor Guttu fra Riksmålsforbundet gikk like sterkt inn for *Majorstuen*.

6. april fikk vi så brev fra Avdeling for kultur og utdanning i Oslo kommune om at de hadde sendt kopi av brevet vårt til uttalelse hos følgende institusjoner: *Oslo Byes Vel; Navnekonsulenttjenesten, avd. for navnegransking, Blindern; Riksmålsforbundet; Oslo Sporveier A/S; Byantikvaren; Bydel Uranienborg — Majorstuen.*

I løpet av forsommeren kom det svar fra alle de forespurte instansene, og svara var som en kanskje kunne vente: Støtte til forma Majorstua — om enn noe halvhjerta — fra navnekonsulentene, mens alle de andre institusjonene mer eller mindre helhjerta gikk inn for Majorstuen — flere av dem mente også at denne forma burde være navn på området. Sporveien brukte for øvrig økonomien som argument — det ville bli dyrt å skifte ut alle skiltene med Majorstuen. Kommunen fant etter dette ingen grunn til å endre på stasjonsnavnet, som altså fremdeles er Majorstuen, mens den offisielle navneforma på strøket er Majorstua — også som før.

En gang i begynnelsen av 1980-åra

Vi skal ikke gjengi alle svara i detalj her, men nøye oss med å kommentere en diskutabel påstand som kom fram i flere av svara, nemlig et historisk argument. I brevet fra Oslo Byes Vel heter det bl.a.:

> Majorstuen er et løkkenavn som oppsto rundt 1750. Formen antas å være den opprinnelige. [...] Formen Majorstua er nyere, og antas å stamme fra innføringen av rettskrivningen av 1938.

Som vi ser — først «antas» Majorstuen å være «den opprinnelige», i neste omgang *konstateres* det at Majorstua er nyere — ja, det «antas» sågar at det er den fæle 1938-rettskrivninga som har skylda.

Dersom det skal være riktig at forma Majorstuen er «den opprinnelige», må det primært være den *skriftlige* forma som er ment. Men da blir opplysningen temmelig uinteressant, for i ei tid da skriftspråket i Norge var dansk, kan en neppe vente å finne noen annen form i skrift. Hva folk *sa* i 1750, er selvfølgelig en helt annen sak.

Navneloven fastslår altså at skrivemåten av stedsnavn skal rette seg etter «den nedervde lokale uttalen». Det er dermed tolkinga av dette uttrykket som blir det sentrale punktet her. «Etter navnekonsulentenes mening er *Majorstua* den skriftformen som er mest i samsvar med intensjonene i loven,» heter det bl.a. i svaret fra den kanten. Dette er Riksmålsforbundet ikke uventa uenig i:

> «I Oslo (som i større byer flest) er det både en folkemålstradisjon og en standardspråktradisjon så vel i navneuttale som i talespråk i sin allminnelighet» [...] «Navneforskere og de fleste norskfilologer forøvrig har tradisjonelt aktet folkemålsuttalen høyere enn standardspråkuttalen — etter vår mening som oftest med urette.»

Dette er klar og grei tale — her ser en tydelig hva saken dreier seg om: Det er ikke en konflikt mellom tradisjonalister og «modernister», som bla. uttalelsen fra Oslo Byes Vel kunne tyde på — det er snakk om en konflikt mellom to *ulike tradisjoner* — folkemålet og standardspråket. Riksmålsforbundets konstatering av at navneforskerne stort sett går inn for folkemålslinja, blir for øvrig bekrefta av at forma Majorstua får støtte fra den kanten.

Riksmålsforbundet siterer i sitt brev også fra kommentarene i loven til hva som ligger i uttrykket «den nedervde lokale uttalen»:

> Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert innanfor ein brukarkrins, m.a. o. den uttalen som har vore vanleg på staden og som framleis er bruk.

Dette kommenterer Riksmålsforbundet slik:

> Det kan saktens diskuteres om *på staden* skal bety «i Oslo» eller «på Majorstuen». Etter vår mening er det rimeligst å tolke det som det siste [...] og vi tar neppe feil når vi antar at standardspråkstradisjonen står sterkt i bydel 2, sterkere enn i Oslo som helhet.»

Ut fra dette resonnementet går så Riksmålsforbundet inn for at både stasjonen og strøket bør hete *Majorstuen*, for «det er neppe og har neppe vært uttaleforskjell her hos én og samme person.»

Det siste er vi så hjertens enige med Riksmålsforbundet i, men vi trekker altså den stikk motsatte konklusjonen — vi meiner både stasjon og område bør hete *Majorstua*. Hvorfor vi gjør *det*, burde gå klart fram av det som er sagt ovafor om de to tradisjonene. Det samme gjør altså navnekonsulentene.

Reint konkret kom det altså ikke noe som helst resultat ut av initiativet vårt. Likevel synes vi ikke at det dumt eller bortkasta. Den raske henvendelsen fra Østlandssendinga, det at alle de forespurte institusjonene raskt sendte inn svar — til dels ganske fyldige (dette gjaldt særlig svaret fra Riksmålsforbundet), referat i avisene da resultatet forelå — alt dette viser at folk fremdeles interesserer seg for hva slags norsk talemål som skal legges til grunn for skriftspråket. Slike saker kan dermed være med på å gjøre folk mer språkbevisste — også utenfor LSS!

En major eller en annen kriger.

Bokmeldingar

Ein tradisjonalists syn på norsk språkhistorie

Dei som hugsar attende til målstriden for ti-femten år sidan, vil kjenne att namnet K. E. Steffens. Han var ein av dei mest ihuga forkjemparane for alt det LSS er imot: streng normalmålstenking og tradisjonalisme i begge skriftspråka og ei varig målkløyving. No er han tilbake på banen, etter at han ein del år har ofra seg for undervisning på Statens lærarhøgskole i handels- og kontorfag (Hønefoss). I boka *Mønstre i oppløsning* gir han sin spesielle analyse av «norsk sprogpolitikk og sprognormering frem til annen verdenskrig».

Steffens seier klart i forordet at han ikkje har kunna drive sjølvstendig kjeldegransking, slik at faktamaterialet hans er tatt frå andres arbeid (særleg Rolf Nygaard: *Fra dansk-norsk til norsk riksmål* (1945) og Einar Haugen: *Rikksspråk og folkemål* (1969), men òg andre arbeid som han nemner i noteapparatet). «Den originalitet som måtte finnes i dette arbeid ligger i den kritiske betraktning og vurdering,» skriv han.

Etter ei stutt framstilling av sitt språkpolitiske credo i ei innleiing gir så Steffens i fire kapittel eit oversyn over norsk normeringshistorie frå 1814 til 1940 (stort sett konsentrert om bokmålssida) med sine subjektive kommentarar innimellom. Faktiske feil er det lite av, men skal ein først pirke, så let han Halvdan Koht gi ut *Arbeidarreising og målspørsmål* i 1920 i staden for 1921 og gjer Martin Birkeland til folkehøgskulestyrar på Voss i staden for i Fana. Eg stussar på opplysninga (som han har tatt frå Haugen) om at *Utredning* frå 1908 foreslo *makt* for *magt* i bokmålet av tilnærmingsomsyn, sidan også nynorsk hadde *magt* på den tida. Endringa til *makt* (som kom i 1917) må ha vore ortofont motivert i begge skriftmåla.

Dette *var* pirk, og ville kanskje ha vore meir på sin plass overfor bøker med større faglege pretensjonar. Det sentrale i Steffens si bok er altså hans eigne kritiske vurderingar, og i resten av meldinga skal eg halde meg til dei. Etter mi meining sviktar dei på avgjerande punkt — Steffens står faktisk fram

Magt, makt

Steffens kjempar mot oppløysinga.

som eit godt eksempel på at ideologi kan gjere blind.

I det første kapitlet, som handlar om bakgrunnen for språkproblemet og den første fasen i fornorskinga av dansken, er det ikkje så mye å sette fingeren på. Men han undervurderer etter mi meining dei vanskane dialekttalande ungar hadde med å lære skriftspråket. Det heng saman med oppfatninga hans av kva som er ein språkleg normalstat: Når andre land ikkje reformerte språket som ledd i den generelle alfabetiseringa av folket trass i vel så stor avstand mellom skrift og tale, skulle det ikkje vere noen grunn til å gjere det her heller. Steffens sluttar seg til Brynjulv Blekens og Ernst Håkon Jahrs oppfatning: at Norge var språkleg normalt i 1814. Men mens Bleken og Steffens legg noe positivt i begrepet «normalt», er det hos Jahr berre deskriptivt. Det verkeleg unormale med Norge var at den «normale» språklege kløfta mellom elitespråket og vanlege folks språk vart sett på som eit problem som det burde gjeras noe med. Dette heng igjen saman med at bønder og andre bygdefok hadde ei anna stilling i samfunnet enn i «normale» land, jf. samanhengen mellom bondereisinga, organiseringa av bygdefolk i folkerørsler, og den allmenne demokratiseringa av landet. I Norge tok bygdefolk sjølve hand om si eiga utdanning, og bygde opp eit undervisningssystem på sine eigne premissar («bygdefolk» vil her seie bygdefødde lærarar, som var dei som hadde føresetnader for å gjere ein slik innsats). Dette var den sentrale sida ved målreisinga i Norge — og hovudgrunnen til at ho vann fram i den forstand at nynorsken slo igjennom som bruksspråk. Det var òg ei drivkraft i fornorskinga av dansken. Det går ikkje an å forstå utviklinga av Norge som språksamfunn utan å sjå ho som ein del av den norske sosialhistoria (som framleis gjer oss til eit «unormalt» samfunn t.d. i forholdet til EF).

Steffens har lite skjønn for denne sida av det emnet han skriv om. Han reduserer heile språkpolitikken til å vere eit spørsmål om enkeltpersonars meir eller mindre skrullete idear. Når han går over til å skildre den tidlege samnorskrørsla frå 1890-åra og framover, forfell han til rein ahistorisk moralisme. Såleis er han lett sjokkert over at Moltke Moe og hans medspråkstrevarar ikkje var i stand til å sjå det som for Steffens er det einaste innlysande, nemleg at ei varig ordning med to stabile og fast normerte skriftspråk både er fullt muleg og heldig for landet. Dette skriv Steffens i 1991, etter eit hundreårs erfaring med ein slik tilstand, og han har rett i at denne situasjonen ikkje har vore noen landsulykke, men tvertimot har gitt oss store verdiar. Men han skjønner ikkje at for folk kring 1900 var denne situasjonen ny og skremmande — ikkje minst fordi språkkløyvinga var uttrykk for ei sosiokulturell kløyving med ein gjensidig aggresjon vi knapt kan forestille oss, og at ho måtte oppfattas som ein potensiell fare for framtida til landet. Det fans ingen tilsvarande situasjon å jamføre med noen annen stad. Ein varig tospråkstilstand var det faktisk ingen som ønskte på den tida — aller minst folk som Bjørnson og Johan Storm. Deira ønske, som vart delt av heile det konservative Norge, var at dansken skulle gjeninnføras som einaste aksepterte skriftspråk med berre dei heilt uunngåelege tilpassingane til eit norsk talemålsgrunnlag.

Samnorsktanken sto den gongen som det einaste reelle alternativet til det å «likvidere» det eine av dei to skriftspråka. Også dei som tala for tospråkssituasjon (som 1885-vedtaket om jamstilling faktisk føresette) såg det berre som ein overgangsfase der skriftspråka skulle konkurrere og/eller påverke kvarandre til eitt av dei hadde vunne eller dei hadde smelta saman. At ein tospråkssituasjon var uunngåeleg i det som da var den overskodelege framtida, skjønte likevel alle med ein viss realisme. Moltke Moe, som Steffens framhevar som litt av ein erkeskurk, ville heller ikkje skru målformene saman; han såg fram til ei langsam samanveksing av språktradisjonane og dei kulturtradisjonane dei var uttrykk for. (Steffens ser forresten ikkje ut til å ha lese Moes eigne skrifter, som er lett tilgjengelege og kan lesas på eit par timar — han refererer berre sitat frå sekundærlitteraturen. Det er eit tynt grunnlag for dei bastante konklusjonane han dreg.)

Steffens er forundra over at tanken om språkleg tilnærming og ei framtidig samanveksing hadde slik makt over sinna at jamvel

riksmålsfolk lenge etter krigen kunne tru at dette var naturnødvendig (berre det fekk skje ved «fri sprogutvikling»). Men igjen ser han på historia med notidsbriller. Faktisk var det godt empirisk grunnlag for å tru at det gjekk mot samanveksing: dei første rettskrivingsreformene vart akseptert og gjennomført, og skriftspråka nærma seg heilt klart til kvarandre også i praktisk bruk, ikkje berre i ordlistene, i heile den første halvdelen av dette hundreåret. I dag kan vi tydeleg sjå at den tilnærmingsoptimismen (og hos mange: planleggingsoptimismen) dette skapte, var overdriven. Vi kan analysere heile utviklingsgangen på avstand, og vi kan lettare enn samtida sjå at 1917 markerer eit kvalitativt sprang i normeringa av bokmålet, i og med at folkemålet da vart trekt inn som ein del av normgrunnlaget ved sida av den «dannede dagligtale» (i 1917 valfritt, i 1938 obligatorisk). Derfor fekk vi ein beinhard språkstrid om dei valfrie formene i byrjinga av 1920-talet, ein strid som dovna av da desse formene var nedkjempa, og så den store striden om 1938-rettskrivinga etter krigen.

Å seie at «strukturen», «systemet», eller «tradisjonen» gjer motstand mot systematiske inngrep i eit skriftspråk, har omtrent like stor forklaringskraft som å seie at slike inngrep er imot Guds vilje. Strukturen gjorde ikkje motstand mot innføringa av harde konsonantar og *-er* i fleirtal i 1907. Grunnen til det var at dei nye formene da ikkje var sosialt stigmatiserte, i motsetning til dei reine folkemålsformene som kom inn i 1917. Etter mi meining er det uråd å forklare språkstriden etter 1917 utan å dra inn dette kjernepunktet om sosial stigmatisering av språkformer, som eit ledd i ei sosial stempling av dei som brukte desse formene.

Språkstrevarane undervurderte heilt klart dette momentet, og dei undervurderte den makta lesevanane hadde også i dei gruppene i folket som dei ville gi større språkleg prestisje. Parallelt med Steffens si bok las eg tilfeldigvis Willy Dahls *Dårlig lesning under parafinlampen* (1974) i sommar — den handlar om den populærlitteraturen som vanlege folk las i tida 1860—1920. Dahl skriv ingenting om språk, men lesen i ein språkhistorisk samanheng forklarer boka hans langt på veg korfor arbeidsfolk ikkje gjekk til streik for språkreformer — ikkje minst dei enorme opplagstala han refererer for denne litteraturen er svært talande. I forhold til Rudolf Muus og Jon Flatabø sin innsats for å grunnfeste det konservative bokmålet som folks lesespråk har nok Bjørnson og Ibsen og den andre elitelitteraturen betydd lite. Undervurderinga av populærlitteraturen har vore felles for språkstrevarar og riksmålsfolk — som alltid dreg fram elitelitteraturen som sitt beste kort. Men faktisk var det jo i elitelitteraturen at fornorskingseksperimenta og det språklege mangfaldet først og fremst gjorde seg gjeldande.

Steffens fråkjenner begrepet *folkemål* eit reelt innhald — fordi folkemålet jo ikkje er einskapleg. Men folkemålet er eit sosiolingvistisk begrep, ikkje eit lingvistisk. Innhaldet i begrepet må endre seg når språksamfunnet endrar seg. Det er igjen Steffens sin posisjon som tradisjonalist anno 1991 som sperrar utsynet til det språksamfunnet Norge var før han vart fødd. Folkemålet var ein sosiolingvistisk størrelse som reint lingvistisk besto av mange ulike dialektar med ei rekke fellestrekk som Aasen og andre hadde påvist. Barrieren mellom folkemålet («Almuesproget», «Folkesproget») og det «dannede tallesprog» var absolutt på 1800-talet og langt inn i vårt hundreår — ingen var i tvil om kva som var folkeleg tale og kva som var «dannet». Etter 1945 har derimot grensa mellom folkemål og «dannet» språk langt på veg blitt utviska, både gjennom den sosiale og geografiske mobiliteten og gjennom dialektreisinga, som har gjort det muleg å behandle t.d. akademiske emne i ein «ufolkeleg» stil på dialekt. Eg meiner ein framleis kan skilje prinsipielt mellom folkemål og skriftmålsretta talemål, men det må gjeras med langt større atterhald enn før.

Steffens bruker ein del plass på å skjelle ut «skurkane» i forteljinga si, først og fremst Moe og Koht, som skruppellause, sjølvgode og hemningslause fanatikarar. Som eg har late det skine gjennom ovanfor, meiner eg dei hadde gode grunnar for standpunkta sine, og det er urimeleg å kritisere dei fordi dei var sterkt overtydde om at dei hadde rett. Var dei einsynte, så var ikkje motstandarane mindre einsynte, men det nemner ikkje Steffens. Da Moltke Moe og Johan Storm saman redigerte tidsskriftet *Norvegia,* truga Storm med å trekke seg frå det heile

Moe og Koht føre og Steffens etter på si kvite ku.

dersom ein innsendt artikkel på nynorsk vart tatt inn. Dette står å lese i Knut Liestøls biografi *Moltke Moe* (1949), som gir eit heilt anna bilde av mannen enn Steffens. Liestøl hadde sjølvsagt den fordelen at han hadde kjent Moe, og han nemner bl.a. viljen hos Moe til å innrømme at motstandarar kunne ha rettkomne synspunkt. Sjølve samnorskstandpunktet hans vitnar om det: der to målleirar sto mot kvarandre og i prinsippet nekta den andre retten til å eksistere, hevda Moe sitt syn på det grunnlaget at «begge har ret i noget, i meget, men ingen har hele retten». Liestøl refererer at Moe aktivt overtala Garborg til å hylle Bjørnson på syttiårsdagen i 1902, etter at Bjørnson hadde angripe både målreisinga og fornorskinga på det grovaste og mest usaklege.

Sjølvsagt kan ein hos ein mann som Koht lett peike på motsetningar mellom ein demokratisk ideologi og ein autoritær stil — men den som skal hevde seg på minoritetssida i ein djuptgåande kulturstrid må nødvendigvis ha sterk sjølvkjensle og vere ikkje så lite sta, gjerne autoritær. Dessutan hørte det til professorrolla å vere autoritær den gongen. Det er heller ikkje slik at rettskrivingsreformene er heva over kritikk: 1917-reforma vart gjennomført på ein lite demokratisk måte (ho vart sett i verk ved kgl.res. utan at Stortinget fekk uttale seg), og 1938-rettskrivinga var dårleg førebudd reint fagleg, slik at mange detaljar kan kritiseras. Men kritikken i ettertid av desse reformene og mennene (!) bak dei har oftast vore overdriven, usakleg og urettvis, og eg synes ikkje Steffens skil seg ut i så måte, sjølv om han unngår den vulgære tonen i den «klassiske» riksmålspropagandaen. (Han distanserer seg elles frå riksmålsrørsla på visse punkt, særleg nynorskhatet og det liberalistiske elementet i riksmålsideologien.) Ei sak for seg er elles hangen hans til å kolportere udokumenterte sladderhistorier om kjønnslivet til historiske personar — han har eit par slike i noteapparatet, utan at dei har noe som helst å gjere med det eigentlege emnet hans.

Å kritisere norsk språknormering på eit ideologisk grunnlag er fullt legitimt, særleg når kritikaren gjer greie for ståstaden sin så klart og opent som Steffens gjer. Men det blir ikkje så interessant når kritikaren oppfattar sin eigen ideologi som den einaste sjølvsagte i notid og fortid, og ut ifrå det nøyer seg med å dele ut karakterar til historiske aktørar som hadde heilt andre føresetnader for standpunkta sine.

K. E. Steffens: *Mønstre i oppløsning. Norsk sprogpolitikk og sprognormering frem til annen verdenskrig.* Statens lærerhøgskole i handels- og kontorfag, Hønefoss 1991.

Lars S. Vikør

Johan Storm jagar nynorsken bort frå Norvegia.

Aktuelle bøker om språkpolitikk og språkplanlegging

Vi vil gjerne seie ifrå om eit par interessante bøker som har kommi ut i fjor og i år.

Språkideologi og språkplanlegging i Noreg (Bergen 1991) er eit resultat av ein konferanse på Geilo 7.—8. september 1990. Artiklane i boka er stort sett bearbeidde versjonar av hovudinnlegga på denne konferansen. Helge Sandøy, Arne Torp, Kjell Ivar Vannebo og Lars S. Vikør har redigert boka.

Det er for så vidt sympatisk at redaktørane har invitert ein filosof *(Ingemund Gullvåg* skriv om språk og normer), men ein bør helst vite kva for filosofiske spørsmål det er interessant å stille i kva for samanhengar. Eg trur det hadde vori betre om ein psykolog, sosiolog eller sosialantropolog hadde fortalt om hossen ein ser på normer i noen av desse vitskapane.

Dansken *Frans Gregersen* gir det heile eit stort løft med artikkelen om språkplanlegging og ideologi — sjølv om begynnelsen og slutten av stykket heng svakt i hop med hovuddelen. *Tove Bull* skriv friskt om prinsipp og ideologiar bak norsk rettskrivingsnormering, mens *Eric Panazian* arbeider seg systematisk gjennom hossen slike prinsipp kom til uttrykk i normeringa av bokmål i 1980-åra. *Arne Torp* kritiserer fagnemnda i Språkrådet for at dei avviste former som *skøyt* og *brøyt,* og spør om fagnemnda er ein forsvarar av status quo. (Så vidt vi kan sjå, må svaret på det i all hovudsak vere "ja".)

Dansken *Jørn Lunds* artikkel om purisme og liberalisme i lånordpolitikken i Norden har meir gjennomtenkte og balanserte synspunkt enn mange utfall mot anglonorsk ein kan lese bl.a. i Språknytt. Artiklane til *Oddrun Grønvik* og *Johan Myking* om lånord og terminologiarbeid i Norge er faktisk blant dei mest interessante i boka. *Wilhelm Gerdener* måtte melde forfall til konferansen, men har levert eit litt anonymt bidrag om nynorsk purisme i historisk perspektiv.

Innleiinga til og oppsummeringa av konferansen er presentert ordrett. Dessverre er desse innslaga litt for stotrande og uklare og burde kanskje ha vori skrivi om eller stroki. (ISBN 82-90500-12-2.)

Ein bunt språkforskarar på veg til Geilo tidlig i september 1990.

Språk i Norden 1992

Språk i Norden er eit årsskrift for Nordisk språksekretariat og språknemndene i Norden. Verken på omslaget eller først i boka står det kor hovudbolken i 1992-utgåva kjem ifrå. På side 112, i ein rapport om språksamarbeid i Norden i 1991, går det likevel fram at vi har å gjøre med eit utval av innlegga frå det 38. nordiske språkmøtet 23.-24. august 1991, der emnet var *språka i Norden og den europeiske integrasjonen.* Boka opnar generelt; franskmannen Jean-François Battail spør: «Hur nordiskt är Norden?». Deretter kastar rundt ti nordiske språkvitarar lys over emnet for seminaret frå ulike synsvinklar.

Eit fast innslag i *Språk i Norden* er oversiktene over ny språklitteratur (også ordbøker og tidsskrift) i Norden. Desse oversiktene bør vere svært nyttige for både lekfolk og fagfolk som interesserer seg for nordisk språk eller er på jakt etter språklige hjelpemiddel.

Hovedredaktør for *Språk i Norden 1992* har vori Ståle Løland. (ISBN i Norge: 82-02-13852-3.)

hg.

Språkstrid i Jugoslavia

av

Jahn Otto Johansen

I Jugoslavia er det i det siste blusset opp en hissig språkstrid med klare politiske undertoner. Striden står mellom de to største nasjonale gruppene i Jugoslavia, serberne og kroatene, om hvilken status deres språk skal ha. Forskjellen mellom serbo-kroatisk (språket som tales i Serbia (og «kroatisk-serbisk» (språket i Kroatia) er så liten at den for en utenforstående kan synes bagatellmessig. Skriftbildet er riktignok helt forskjellig, idet kroaterne benytter det latinske alfabet, mens serberne bruker det kyrilliske. Men når det gjelder det talte språk, er det nærmest som to dialektversjoner av samme språk. Men denne forskjell er mer enn nok til å sette gemyttene i kok, fordi det under selve språkstriden ligger århundregamle motsetninger mellom kroatene og serberne.

Den aktuelle strid oppsto for kort tid siden da forfatterforeningen og 16 akademiske institusjoner i Kroatia fremla en resolusjon med krav om en konstitusjonell anerkjennelse av et atskilt kroatisk språk. I resolusjonen ble det påstått at de federale organer benyttet en versjon av serbo-kroatisk som var mer serbisk enn kroatisk. De kroatiske varianter ble neglisjert i det administrative språk, het det.

I dag anerkjenner den jugoslaviske forfatning tre offisielle språk, serbokroatisk, slovensk og makedonsk, men de kroatiske forfattere og vitenskapsmenn krevet at «kroatisk-serbisk» skulle få en status på linje med disse tre. Hvis ikke det skjedde, ville «kroatisk-serbisk» bli redusert til bare en dialekt og således miste karakteren av offisielt språk.

Resolusjonen fra Zagreb utløste en kraftig reaksjon hos serberne i Beograd. Da den serbiske forfatterforening få dager etter hadde sitt møte, hersket det en sterk nasjonalistisk, for ikke å si sjåvinistisk stemning. Serberne hadde ikke noe imot at kroatene dyrket sitt eget språk, ble det sagt, men da måtte den ene million serbere som bor innenfor Kroatias grenser, bli garantert bruk av det kyrilliske alfabet og de måtte få sine egne skoler. Myndighetene forsøkte å holde tilbake resolusjonen fra den serbiske forfatterforening, men uten synderlig resultat.

Så grep imidlertid Tito inn med all sin autoritet og slo fast at han ikke ville ha noen skjerpelse av striden mellom de nasjonale grupper. I en tale i den multinasjonale Kosmetregionen (Kosovo Metohija), der det er en betydelig albanskspråklig gruppe, gjorde Tito det klart at man ikke ville gå tilbake på den linje de hadde slått inn på etter Rankovic' fall, nemlig å gi de forskjellige nasjonale grupper større selvstendighet. Et av ankepunktene mot Rankovic var at han hadde spilt på «storserbisk» sjåvinisme». Titos tale i Kosmet-regionen måtte oppfattes som en reprimande til mer nasjonalistiske grupper i Serbia. Som det store samlende symbol har Tito mer enn noen annen bidratt til å dempe motsetningene mellom de nasjonale grupper i Jugoslavia. Men spørsmålet er hva som vil skje når Tito faller bort.

Språkstriden og motsetningene mellom de nasjonale grupper er særlig viktig, fordi den har tilknytning til striden om de økonomiske og politiske reformer. Det later til å være slik at tilhengerne av reformer er identiske med dem som vil gi de forskjellige nasjonale minoriteter større rettigheter. En liberal politikk i nasjonalitetsspørsmålet går hånd i hånd med en reformvennlig politikk i det jugoslaviske samfunnet som helhet.

SPRÅKLIG SAMLING 1992

Som lesarane sjølvsagt legg merke til, har bladet kommi ut i svært uregelmessige tidspunkt dette året. Redaktøren seier seg svært lei for dette, og håper forholda blir andre i tida som kjem.

*

Nr. 1-93 satsar vi på å få ut i rute (før påske), og det skal bl.a. ta for seg språkpolitikk i EF.

SPRÅKLIG SAMLING
Returadresse:
Postboks 636 Sentrum, 0106 O

Innhald

Rolf Theil Endresen:
Redaksjonelt ..... s. 2
Debatten om prinsipprogrammet:
Nytt prinsipprogram for LSS
— et opplegg til diskusjon ..... s. 4
Prinsipprogram for LSS ..... s. 6
Utkast til prinsipprogram for LSS ..... s. 7
Lars S. Vikør:
Språkleg samling i Skandinavia? ..... s. 8
Arne Torp:
Nytt fra Språkrådet:
Termen konservativt bokmål legalisert ..... s. 20
Arne Torp:
Når konservativt blir radikalt og radikalt blir
konservativt ..... s. 22
Stridsspalta:
1:1 i kampen Majorstuen : Majorstua ..... s. 24
Bokmeldingar:
Ein tradisjonalists syn på norsk språkhistorie.
Lars S. Vikør om K.E. Steffens: *Mønstre i oppløsning. Norsk sprogpolitikk og sprognormering frem til annen verdenskrig* ..... s. 26
Aktuelle bøker om språkpolitikk og språk-
planlegging. Helge Gundersen om
Språkideologi og språkplanlegging i Noreg
og *Språk i Norden 1992* ..... s. 30
Språklig Samling 2-1967:
Jahn Otto Johansen:
Språkstrid i Jugoslavia ..... s. 31

Hegland Trykkeri A.S, Flekkefjord